



- eit fyrtårn i vest

Årsmelding og årsrekneskap 2020



Innhold

Forord	3
Viktige hendingar i 2020.....	4
Organisering	10
Likestilling og mangfold	14
HMS	14
Internkontroll	17
Etikk	22
Befolkningsutvikling 4. Kvartal 2020	23
Status politiske bestillingar	25
Sentrale kapittel	27
Økonomiske handlingsreglar	27
Sentrale inntekter	27
Finansinntekter og -utgifter	28
Lånegjeld	29
Pensjon.....	29
Plasseringar	29
Fond	30
Likviditet.....	31
Oversikt drift tenesteområda	32
Status investeringsprosjekt.....	33
Tenesteområda i kommunen	37
Politisk.....	37
Kommunedirektør.....	39
Økonomi.....	40
Organisasjon og digitalisering	42
Helse og velferd	47
Oppvekst	52
Kultur og samfunn.....	58
Årsrekneskap	63

Forord

2020 var første år i den samanslårte Øygarden kommune, og denne årsmeldinga er den første i kommunen si historie. Det er såleis ei historisk årsmelding. Årsmeldinga og rekneskapen gjer greie for den økonomiske drifta av kommunen dette første året. I tillegg inneholder årsmeldinga mellom anna ei oversikt over dei viktigaste hendingane i året, likestilling og mangfold, internkontroll, HMS mm. Årsmeldinga føreligg både som eit tradisjonelt tekstdokument og i ei elektronisk utgåve.

Årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr 14,5 mill (-0,5% av brutto driftsinntekter). Dei tre gamle kommunane leverte rekneskap for 2019 som samla viste eit negativt netto driftsresultat på kr 121 mill. Ein rekneskap for 2020 med eit negativt netto driftsresultat på kr 14,5 mill er soleis ei resultatforbetring på heile kr 106 mill. Kommunedirektøren er svært nøgd med resultatforbetringa i dette første driftsåret i ny kommune. Dette viser at arbeidet med god økonomistyring har gitt effekt til trass for eit krevjande driftsår, med ny samanslått kommune og Covid-19. Kommunedirektøren meiner at kommunen er på rett veg, men at det framleis gjenstår krevjande økonomiske prioriteringar for å oppnå ein bærekraftig kommuneøkonomi. Kommunedirektøren understrekar også at ein må halda fram arbeidet med å evaluera organisasjonen og forbetra rutiner.

Torsdag 12. mars 2020 vart dei sterkeste og mest innngripande tiltaka i Noreg i fredstid sett i verk. Resten av 2020 vart sterkt prega av Koronapandemien. Det har vore naudsynt å avgrensa besøk i eldreibutikker, avgrensa kulturaktivitetar og sette i verk tiltak i skular og barnehagar. For tilsette med kontorarbeidsplass har det vore mykje bruk av heimekontor.

Koronapandemien har også sett sitt preg på økonomien i 2020. Pandemisituasjonen og økonomiske konsekvenser som følgje av denne, blei gitt særskilt omtale i kvartalsrapportane i løpet av året. Lågare skatteinntekter og høgre utgifter i tenestene har blitt dekka av statlege ekstrabevillingar, redusert arbeidsgjevaravgift, lågare renteutgifter og lågare lønsvekst enn berekna i opprinnelig budsjett.

I oktober vart det innført tilsetningsstopp og innkjøpsstopp for å dempa utgiftene mest mogleg resten av året 2020. Unntatt frå dette var tilsetting i stillingar og kjøp som var heilt naudsynt.

Leiarar, tilsette og hovudtillitsvalde har vist stor omstillingssvne og har handtert situasjonen på ein svært god måte. Kommunedirektøren ønskjer å takka alle leiarar og tilsette som har bidrige til den store resultatforbetringa samanlikna med resultatet for 2019 i dei tre gamle kommunane.

Straume, 31.03.2021

Rune Lid
Kommunedirektør

Viktige hendingar i 2020

Det første året i den nye kommunen baud på mange og ulike hendingar. Nedanfor har vi omtalt nokre av desse (lista er ikkje uttømmande).

Oppstart ny kommune

Frå nyttårsaftan og fram til 5. januar vart den nye kommunen feira. Det vart arrangert formell overtaking nyttårsaftan, nyttårskonsert nyttårsdag, personalsamling, stor folkefest 4. januar, korslag og felles gudsteneste 5. januar.



Gjennomslag for kabeltunnel for Sotrasambandet




Ordførar Tom Georg Indrevik trykte på knappen, og det small godt inne i kabeltunnelen då den siste salva vart sprengt for kabeltunnelen mellom Knarrvika og trafostasjonen på Litlesotra den 16. januar. Heile prosjektet har ei ramme på om lag ein halv milliard kroner. Dette er den andre og siste av to tunnelar mellom Breivik i Drotningsvik og trafostasjonen på Litlesotra.

Øygarden kommune sa ja til byvekstavtale

Kommunestyret vedtok den 21. februar, med 31 mot 14 røyster, å seia ja til byvekstavtalen. Dermed hadde fylkeskommunen og alle dei involverte fem kommunane i bergensregionen (Bergen, Askøy, Alver, Bjørnafjorden og Øygarden) godkjent avtalen. Byvekstavtalen inneber at staten forpliktar seg til å bidra med 13,3 milliardar kroner (2020-kroner) gjennom avtaleperioden 2019-2029. For Øygarden kommune utgjer dette eit årleg gjennomsnitt på 41,9 millionar kroner i avtaleperioden.



Covid-19



Kommunal krieseleing i kommunen (KKL) avgjorde den 12. mars at alle skular og barnehagar skulle stengjast for undervisning. Bakgrunnen for dette var utbrotet av koronaviruset og statlege pålegg. Dette er drastiske tiltak, men dette må gjennomførast for i størst mogleg grad å redusera smittespreiinga, sa ordføraren den dagen då «Noreg stengde ned». Resten av året vart sterkt prega av pandemien og gjorde det første året til den nye kommunen krevjande. Usikkerheit rundt økonomi i samband med pandemien vart ein del av dette. Etter at året er ferdig ser det ut som vi i det alt vesentlege har fått dekkja dei ekstrautgiftene og reduserte inntektene pandemien baud på.

20 nye lærlingar

Formannskapet gjekk den 23. april inn for at Øygarden kommune skulle ta inn 20 nye lærlingar. Kommunestyret gjorde endeleg vedtak i slutten av mai. I dag har kommunen totalt 97 lærlingar fordelt på seks fag. Kostnaden med 20 lærlingar for to år er 8,7 millionar kroner. Vedtaket var ei oppfølging av tiltakspakke fase 1 knytt til koronaviruset.

Markering av frigjerdings- og veterandagen



Den 8. mai, 75 år sidan frigjeringa i 1945, var det markeringar fem stader i Øygarden kommune. Det avslutta med markering i Telavåg. Ordførar Tom Georg Indrevik viste til dei katastrofale følgjene krigen fekk for innbyggjarane i Telavåg. Han sa at vi minnest alle dei som fekk livet øydelagt eller rive bort. Tidlegare på dagen var det markering ved Hjelme kyrkje, Blomvåg kyrkje, Fjell kyrkje og Fjell festning.

Regjeringa godkjende plan for Smålonane

Den 12. mai godkjende Kommunal- og moderniseringsdepartementet reguleringsplanen for Smålonane på Straume. Saka hamna i departementet etter at Fjell kommunestyre i februar 2019 godkjende planen utan å ta motsegner frå Fylkesmannen og fylkeskommunen til følgje. Fylkesmannen og fylkeskommunen grunngav motsegnene med at planen kom i konflikt med regional føresagn for handel i Regional plan for attraktive senter i Hordland.

Ein annleis, men minneverdig 17. mai-feiring



17. mai-feiringa i Øygarden vart annleis i år. Trass i kald nordavind og knapt nok 10 grader, var det godt bunadsvær og mange hadde funne vegen ut langs vegane for å sjå fire kortesjar i nord, aust, vest og sør. I kortesjane deltok om lag 200 køyretøy.

Første møte i beredskapsrådet for den nye kommunen



Representantar frå kommunen og ei rekke beredskapsaktørar var den 15. juni samla på det første beredskapsmøtet for den nye kommunen. Fleire av dei eksterne aktørane takka kommunen for initiativet med etablera beredskapsråd. Det er semje om at det er behov for eit beredskapsråd. De vert innkalla til eit nytt møte i september.

Ein krevjande økonomisk situasjon - rekneskap 2019



Dei tre gamle kommunane sine rekneskap og årsmeldingar for 2019 vart godkjent av kommunestyret i juni. Til saman vart resultatet eit negativt netto driftsresultat på kr 121 mill. Den økonomiske situasjonen var krevjande, og det var naudsynt å gjera omfattande grep for å betra handlefridommen og hindra at kommunen hamna på Robek-lista.

Gull til "Gøy med gull i tanngarden"

På det siste kommunestyremøtet før ferien vart det klart kven som gjekk sigrande ut i strilahaiku-konkurransen. Like etter lunsjpausen i kommunestyret kunne redaktør i Vestnytt, Marit Kalgraf overrekka førstepremien til Halvor Skurtveit for «Gøy med gull i tanngarden, sa strilen og gliste». Andreplassen gjekk til Magnus Torvik, medan Marta Algrøy Misje fekk tredjepremie. Elevkonkurransen vart vunnen av Synniva Straume Husnes og Elise Ekerhovd Andersen.



Opphavet til den nye kommunen



Ordførar Tom Georg Indrevik tok store ord i munnen sin i dag då han inviterte til ei høgtidleg kort samling i komitésalen i Øygarden rådhus den 18. august. Dei mange ordførarbileta for Fjell (frå 1837) var fjerna. No var tida inne for å hengja opp biletet av dei siste gamleordførarane som regierte i dei tre kommunane her vest fram til 31. desember 2019. Frå venstre; Tom Georg Indrevik, Marianne Sandahl (Fjell), Børge Haugetun (Øygarden) og Kari-Anne Landro (Sund).

Opna visningssenter for havbruk

Den 20. august kunne statsminister Erna Solberg erklæra Storeblå visningssenter for havbruk i Sandviken i Bergen for offisielt opna. Dei to visningsanlegga til visningssenteret er lokalisert på Rong i Øygarden i Austevoll. Blant gjestene på opninga var ordførar i Øygarden, Tom Georg Indrevik, og tidlegare ordførar i Øygarden, Børge Haugetun.



Døra inn til Øygarden kommune



Frå mandag 31. august vart publikumskontakten til Øygarden kommune lagt til dei tre biblioteka. Innbyggjarservice vart samlokalisert med biblioteka i Skogsskiftet, Straume og Rong og står fram som eit samla innbyggjartorg og møteplass. Med dette er det slutt på at folk møter kundevertar i administrasjonsbygga i Skogsskiftet, Straume og Rong. Der er det installert digitale besøksvertar til hjelp for dei som har avtalt møte. Biletet viser biblioteksjef Bente Fosse (til venstre) og avdelingsleiar for innbyggjartorget, Grethe Bergsvik.

Historisk dag for landet, regionen og kommunen



Den 21. september føreslo regjeringa å realisera fangst av CO₂. Selskapet Northern Lights skal frakta flytande CO₂ til mottaksterminal ved Naturgassparken på Ljøsøyna i Hjeltefjordbassenget i Øygarden. Derifrå vert CO₂ pumpa gjennom rør til eit lager under havbotnen. I framlegg til statsbudsjett føreslo regjeringa i oktober å setja av 2,27 milliardar til prosjektet. Endeleg vedtak vart fatta i Stortinget i desember.

Signerte ny byvekstavtale for bergensområdet

Den 24. september vart den nye byvekstavtalen for bergensområdet signert. Avtalen sikrar over 16 milliardar kroner til investeringar i bergensområdet fram til 2029. Ordførar Tom Georg Indrevik signerte på vegner av Øygarden kommune.



Kommunal drift av legekontor

Kommunestyret vedtok den 24. september at Øygarden kommune overtek drifta av legekontoret i Skogsskiftet frå januar 2021. Dette inneber at kommunen overtek både logistikk, drift av legekontoret og personalansvar for legesekretærane og dei av legane som ønskjer å gå over på fastlønsavtale. Kontoret vil då ha ein kombinasjon av legar tilsett på fastløn og legar med driftsavtale.

Øygarden vert vertskommune for språkkonferanse

I oktober avgjorde Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) at landstinget i 2023 skal arrangerast i Øygarden. Avgjerala vart teken etter at dei tre ordførarane i dei gamle kommunane (Sund, Fjell og Øygarden) sende brev til LNK der dei inviterte organisasjonen til å arrangera landstinget i Øygarden i 2023.

Historisk vedtak for Northern Lights-prosjektet



Den 14. desember vedtok Stortinget finansiering av Northern Lightsprosjektet som skal frakta flytande CO₂ til mottaksterminal ved Naturgassparken på Ljøsøyna i Hjeltefjordbassenget i Øygarden. Derifrå vert CO₂ pumpa gjennom rør til eit lager under havbotnen.

Budsjett

Den 17. desember vedtok Øygarden kommunestyre budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021- 2024. Driftsbudsjettet har ei brutto ramme på 2,85 milliardar kroner. Investeringsramma i 2020 er 200 millionar kroner.



Koronavaksine




I desember starta den kommunale kriseleiinga opp arbeidet med å planleggja for vaksine mot koronaviruset.

Organisering

Politisk organisering

Følgjande politiske styringsstruktur er vedteke for Øygarden kommune:



Kommunestyret utgjer den politiske leiinga i kommunen. Kommunestyret har 45 medlemmer frå følgjande parti: Høgre (10), Arbeiderpartiet (8), Sosralista (5), Folkeaksjonen Nei til mer bompenge (4), Kristeleg Folkeparti (4), Fremskrittspartiet (4), Senterpartiet (4), Miljøpartiet De Grønne (2), Sosialistisk Venstreparti (2), Venstre (1), Raudt (1).


Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval. Ansvars- og oppgåvefordeling mellom utvala går fram av det politiske delegeringsreglementet.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne føra tilsyn med heile den kommunale verksemda. Sekretariatstenester vert kjøpt frå Hordaland fylkeskommune.

Administrativ organisering

Øygarden kommune er organisert med to fullmaktsnivå (to-nivåmodell). Delegasjon knytt til fag, personell og økonomi vert i ein to-nivåmodell lagt til einingsleiarane. Prinsippet er at mynde til å ta avgjerd skal takast nærast mogleg brukar.

Øygarden kommune hadde følgjande administrative organisering i 2020:



[Oppvekst](#)[Helse og velferd](#)[Kultur og samfunn](#)[Organisasjon og digitalisering](#)[Økonomi](#)

Digitalisering

Framtidas utfordringar og strammare økonomiske rammer vil krevja nye arbeidsprosessar og ny teknologi. Øygarden kommune må møta utfordringane gjennom kunnskapsbasert utvikling, innovasjon og digitalisering innanfor alle tenesteområde. Kommunen sin tilgang på og bruk av kompetanse vil vera avgjerande for å kunne levera gode og effektive tenester.

Digitalisering betyr å nytte teknologi for å forenkle, fornye og forbetra tenestene. Det kan føre til endringar i organisering, ansvarspllassering, arbeidsprosessar og bemanning. Digitalisering handlar difor like mykje om endringsleiing, kompetanse- og organisasjonsutvikling og ressursforvaltning, som teknologi. Digitalisering er ei trend i tida som fører til store endringar i samfunnet, og får difor konsekvensar for samfunnsplanlegginga.

Bemanning

Øygarden kommune starta ny kommune med 2 420 årsverk. Per 31.12.2020 er bemanninga redusert til 2 378 årsverk, ein reduksjon på 42 årsverk på eitt år. Årsverka er fordelt på dei ulike områda som vist i tabellen under:

Kommunalsjefområde	Årsverk okt 2019	Årsverk okt 2020	Årsverk jan 2021	Kommunedirektør/ kommunalsjef/ ass.	Einingssleiar
Kommunedirektør inkl. ressursgruppe	22	12	11	2	0
Organisasjon og digitalisering	93	88	88	1	4
Økonomi	35	31	31	1	3
Oppvekst	1 246	1 217	1 217	3	42
Helse og velferd	769	779	778	2	19
Kultur og samfunn	256	253	253	2	5
Sum	2 420	2 380	2 378	11	73

Den nye kommunen vart dimensjonert med 50 færre årsverk enn summen av dei tre gamle kommunane. Om lag 30 årsverk var vakante stillingar eller tilsette som gjekk av med pensjon ved årsskifte 2019/2020. Fleire av desse var leiarstillingar. Dei resterande 20 årsverka blei overført til ressursgruppa. Omstillingssavtalen gjev desse rett på fast tilsetting ut 2021. Per no er det 10 årsverk igjen i ressursgruppa, i tillegg ligg det innsparingstiltak på kommunalsjefområda som i sum utgjer om lag 30 årsverk i budsjettet for 2021. Oppsummert har Øygarden kommune til no redusert bemanninga med omlag 70 årsverk samanlikna med sum årsverk i dei tre gamle kommunane.

Kommunale aksjeselskap og kommunale føretak

Delar av den kommunale drifta er lagt til kommunale føretak eller aksjeselskap. Vatn, avlaup og renovasjon er organisert i ØyVAR AS. I tillegg er det oppretta tre kommunale føretak: Øygarden brann og redning KF, Øygarden bustadutvikling KF og Øygarden næringsutvikling KF.

Det er viktig å sikra eit godt samarbeid med Øygarden brann og redning knytt til beredskap og kriser.

Gjennom Øygarden næringsutvikling KF vil kommunen leggja til rette for framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen. Kommunen samarbeidet og gjev tilskott til ulike aktørar, mellom anna Vest næringsråd, Grunderparken Vest, Bergen og omland Havn AS, Trigger og Gode sirklar.

Øygarden bustadutvikling KF forvaltar kommunale utleigebustader frå dei tre gamle kommunane. Det pågår arbeid med å finna gode samarbeidsformer mellom kommunen som tenesteytar og tildelar, og Øygarden bustadutvikling KF som forvaltar av eigedomane. I tillegg har Bustadstiftinga om lag 400 utleigebustader, plassert i gamle Fjell kommune, som er til utleige til vankelegstilte på bustadmarknaden.

Eigarskapsmelding for Øygarden kommune skal utarbeidast i 2021.

Likestilling og mangfold

Ved utgangen av året var det til saman 2 378 årsverk i Øygarden kommune. Av desse er 86 % kvinner og 14 % menn. Gjennomsnittleg stillingsstorleik er 72 % for kvinner og 80 % for menn.

Kommunedirektøren si leiargruppe har i 2020 vore samansett av 5 kvinner (71,4 %) og 2 menn (28,6 %).

Ledige deltidsstillingar vert vurdert for utviding når det er mogleg ut frå driftsomsyn.

Det er viktig for Øygarden kommune å sikra likeverd, inkludering og mangfold i heile organisasjonen. Alle innbyggjarar skal ha like moglegeheiter og rett til deltaking, uavhengig av funksjonsevne, og kommunen skal hindra diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

Arbeidet for å unngå diskriminering har m.a. vore ivareteke gjennom arbeidet kommunen har utført i kraft av å vera ein IA-bedrift (Inkluderande arbeidsliv), til dømes å vera opteken av auka syselsetjing for personar med nedsett arbeidsevne, omplasseringar og moglegeheiter for utprøving grunna helse.

Ved tilsetjing skal i det i fyrste rekke tas omsyn til søkerane sine kvalifikasjonar (teoretisk og praktisk utdanning samt eignaheit). Når søkerar av begge kjønn står kvalifikasjonsmessig likt eller tilnærma likt, kan søker viss kjønn er underrepresentert føretrekkast når dette er i samsvar med likestillings- og diskrimineringslova.

Kommunen har ein livsfaseorientert personalpolitikk som har som mål å ta vare på tilsette i ulike livssituasjoner, også tilsette som nærmar seg pensjonsalder. Uansett alder og livssituasjon vert det lagt vinn på at tilsette som treng det får tilpassa arbeidsoppgåver så langt det let seg gjera i høve til å sikra tenestebehov.

HMS

Arbeidsmiljø og HMS-arbeid

Eit godt og systematisk HMS-arbeid skal bidra til eit arbeidsmiljø som er til alle sitt beste.


Første året i ny kommune har hatt påverknad på arbeidsmiljøet i kommunen, både knytt til tre kulturar som skulle sameinast og Covid-19.

Det overordna HMS-ansvaret i Øygarden kommune ligg hos Kommunedirektøren, mens stabsavdelinga Tryggleik forvaltar og følgjer opp oppgåvene på Kommunedirektøren sine vegne. Einingsleiarar og leiarar av stabsavdelingar har HMS-ansvar for sine einingar.

AMU vart etablert for ny kommune og har gjennomført til saman 8 møter i 2020. Utvalet handsamar i hovudsak saker på systemnivå, rutineendringar, endringar i organisasjonen, statusrapportar og liknande. Totalt vart det handsama 26 saker i AMU i 2020.

Utvalet etablerte nye verneområder og det er valt nye verneombod. Desse har ei viktig rolle i arbeidet med arbeidsmiljø og HMS. I tillegg er bedriftshelsetenesta og NAV arbeidslivssenter viktige eksterne samarbeidspartnarar. Det vart i 2020 gjennomført 40t HMS grunnkurs for verneombod.

Øygarden kommune inngjekk avtale om bedriftshelseteneste (BHT) med Stamina Helse, no Avonova, ved oppstart av ny kommune. Eigen årsrapport frå BHT vert handsama i AMU kvart år. Fordeling av deira aktivitet knytt til Øygarden kommune for 2020 er illustrert i diagrammet under:



Det er gjennomført obligatorisk opplæring i smittevern via KS-læring i kommunen.


Det har vore arbeidd med å utvikla og implementera kommunen sitt elektroniske internkontrollsyste Compilo. Særskilt har det vore fokus på å utvikla god kultur for å melda frå om avvik og opplæring av tilsette og leiarar. Systemet sine modular for avvik, dokumentbibliotek og ROS er teke i bruk.

Tabellen under viser tal avvik fordelt på dei ulike kommunalsjefområda per månad i 2020:

	Jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
Kommunedirektør (direkterapporteringar)	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	0	0
Helse og velferd	1	82	45	55	112	135	115	112	170	139	215	180
Kultur og samfunn	0	3	1	1	2	0	0	2	3	3	4	2
Oppvekst	9	27	46	10	23	46	15	52	133	111	105	93
Organisasjon og digitalisering	3	8	2	4	3	17	7	13	16	8	11	7
Ressursgruppe	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0
Økonomi	0	0	0	0	0	1	0	1	1	4	0	0

I 2020 vart det totalt innmeldt 2 160 avvik, av desse var 1 210 HMT-avvik.

HMS-avvik fordelt på kategoriar for 2020:



Einingsleiarar i kommunen har gjennomført risikovurdering av smittevern og Covid-19.


Elektronisk stoffkartotek (ECO online) er tilgjengeleg for alle tilsette. Det er også gjennomført kartlegging av kjemikaliebruken i den nye kommunen og dette er registrert i systemet. I tillegg har kommunen fått på plass lovpålagt system for registrering av tilsette i kommunen som vert eksponert for helsekadelege tilhøve (eksponeringsregister).

Det er utarbeidd HMS styringsdokument for kommunen.

Øygarden kommune er ein IA-verksemd.

Sjukefråvær

Figuren viser sjukefråværet per kvartal i 2020.



Totalt var sjukefråværet 9,7 % i 2020.

Sjukefråvær per kvartal og kommunalsjefområde:

Kommunalsjefområde	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	Totalt 2020
Økonomi	3,7	4,9	2,8	3,4	3,8
Organisasjon og digitalisering	6,8	6,0	7,4	11,9	8,4
Helse og velferd	11,5	10,0	9,6	11,2	10,8
Oppvekst	11,5	8,4	7,1	10,0	9,5
Kultur og samfunn	9,0	8,3	8,3	8,2	8,8
Totalt	10,8	8,7	8,0	10,2	9,7

Av det totale sjukefråværet på 9,7 % er 6,6 % fråvær over 40 dagar.

Internkontroll

Kommunar skal i samsvar med Kommunelova § 25-1 ha internkontroll for å sikra at lover og føresegner vert følgd. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vera systematisk og tilpassa verksemdas storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Kommunedirektøren skal i samsvar med Kommunelova § 13-1 sjå til at saker som vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidd, og at vedtak vert iverksett. Vidare skal kommunedirektøren sørja for at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, føresegner og overordna instruks, og for at den er gjenstand for betryggande kontroll. Kommunedirektøren sin internkontroll skjer i forlenginga av kommunestyret sitt tilsyn (med kontrolutval og revisjon) og staten sitt tilsyn med kommunane. Internkontroll er dei system og rutinar som kommunedirektøren etablerer for å sikra tilstrekkeleg styring, måloppnåing og etterleving av regelverket. Internkontroll dreier seg difor ikkje berre om kontroll, men minst like mykje om styring.

Kommunedirektøren sin viktigste kontrollaktivitet er å sikra mål- og resultatstyring.

Øygarden kommune sitt kvalitetssystem har modular for avvikshandtering, dokumenthandtering, ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse) og årshjul.

Følgjande er gjort i 2020:

- Innføring av avvikssystem som skal sikra forsvarleg registrering og handtering av avvik som ledd i kvalitetsarbeidet. Arbeidsmiljøutvalet handsamar rapportar knytt til avvik.
- Utarbeidd ulike reglement for Øygarden kommune:
 - økonomireglement
 - finansreglement
 - innkjøpsstrategi
 - tilsetjingsreglement
 - permisjonsreglement
 - arbeidsreglement
 - fleksitidsreglement
 - gave- og påskjønningsreglement
 - administrativt delegeringsreglement


- etiske retningslinjer
- arkivplan
- plan for krisehandtering
- leiarkompass
- Innført månadleg elektronisk økonomirapportering
- Rapportert på oppfølging av politiske vedtak til formannskap/ kommunestyre
- Innført stoffkartotek/ datablad

Følgjande er planlagt i 2021:

- Innføring av dokumenthandtering i kvalitetssystemet
- Utarbeiding og dokumentasjon av administrative rutiner

Styring og rapportering

Figuren nedanfor illustrerer styringsdokument og rapporteringssystem i Øygarden kommune:



Kommunestyret vedtok i KS-sak 153/20 planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023. Arbeidet med samfunnssdelen til kommuneplanen starta opp hausten 2020 og skal ferdigstilla i 2021.

Formannskapet vedtok i FS-sak 146/20 nøkkeltal (KPI'er). Måltala skal rapporterast på i kvartalsrapportar i 2021.

Statleg tilsyn

Tilsyn i 2020

Det vart i 2020 gjennomført følgjande statlege tilsyn med Øygarden kommune:

Skogsvåg skule, skulemiljø: skulen plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre

Statsforvaltaren påla kommunen følgjande etter tilsynet:

1. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og steje inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø jf. Opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4. Kommunen må i samband med dette sjå til at:

- rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer særleg godt med på elevar som er særskild sårbare
- rektor sørger for at alle som jobbar på skulen grip inn mot krenkingar dersom det er mogleg
- rektor sikrar at alle som jobbar på skulen varsler rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- rektor sikrar at alle som jobbar på skulen varsler rektor så raskt som sakta tilseier
- rektor sikrar at skulen undersøkjer sakta når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- rektor sikrar at involverte elevar får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen
- at rektor sikrar at skulen setter inn egne tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt

2. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til å varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen har krenkt ein eller fleire elevar, jf. opplæringslova § 9A-3, 9A- og 9A-5. Kommunen må i samband med dette sjå til at:

- rektor sikrar at alle som jobbar på skulen varsler rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen har krenkt ein eller fleire elevar, eller at dei varsler direkte til skuleeigaren dersom mustanken gjeld ein i skuleleiinga
- rektor sikrar at alle som jobbar på skulen varsler rektor eller skuleeigaren straks
- rektor sikrar at skulen undersøker sakta ved mistanke om eller kjennskap til ein som jobbar på skulen har krenkt ein eller fleire elevar
- rektor sikrar at skulen undersøker sakta straks

3. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9A-3, 9A-4 og 9A-9 og forvaltningslova § 11. Kommunen må i samband med dette sjå til at:

- det blir laga ein skriftleg plan i tråd med kravar i § 9A-4 sjette ledet når skulen skal setje inn tiltak i ei sak
- rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen
- rektor sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer
- rektor sørger for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har virka og elevens syn

Kommunen har frist 25. mars 2021 med å retta pålegga og gjera greie for korleis dei har blitt retta.

Tilsyn i 2021

Ifølgje tilsynskalenderen er følgjande statlege tilsyn med Øygarden kommune planlagt i 2021:

- Barnehagelova § 8 - myndighetens rettleiing og tilsyn
- Sosiale tenester i NAV
- Postalt asbesttilsyn
- Pasient- og brukarrettslova kap. 4 A
- Spesialundervisning
- Matrikkellovtillsyn

Forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet sine forvaltningsrevisjonar er eit verkemiddel kontrollutvalet har for å ivareta kommunestyret sitt tilsynsansvar ovanfor administrasjonen. Forvaltningsrevisjonar gir dei folkevalde moglegheit til å følgja opp at politikk og prioriteringar gir ønska resultat i kommunen si forvaltning og tenesteproduksjon.

Kommunedirektøren legg vekt på at funn frå forvaltningsrevisjonar vert brukt til læringsføremål og forbettingsarbeid i organisasjonen. Kontrollutvalet si verksemd, revisjonen og kommunedirektøren si internkontroll utgjer heilheita i kommunen si eigenkontroll.

Det vart ikkje gjennomført forvaltningsrevisjonar i 2020, men kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 i kommunestyremøte 17.12.2020. Planen inneheld 14 prioriterte og 14 uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Personvern og GDPR


Ti 2018 vart nytt lovverk for behandling av personopplysningar gjeldande. Dette stiller mellom anna langt strengare krav til verksemder til å ha oversikt over sine behandlinger av personopplysningar. Eit av fokusområda i den nyoppstarta stabsavdelinga Tryggleik er personvern (GDPR) og informasjonstryggleik. Trass ressursutfordringar og covid19 har ein i løpet av 2020 fått auka fokus på personvern og GDPR i kommunen i løpet av 2020.

Avvik/ personvern

Det vart i løpet av 2020 avdekka ein del personvernbroter som var meldepliktig til Datatilsynet. I tillegg ei rekje avvik som ikkje var meldepliktige men kritikkverdige. Det er viktig å avdekke avvik for å få oversikt over sårbarheiter og dermed også forbetre oss. Avvika vart nytta til læring av organisasjonen og for å få auka fokus på dette i kvardagen til alle instansar i kommunen.



GDPR-avvik 2020



1. kvartal: 14 rapporterte avvik
2. kvartal: 22 rapporterte avvik
3. kvartal: 35 rapporterte avvik
4. kvartal: 38 rapporterte avvik

Totalt: 109 rapporterte GDPR-avvik*

*feilmeldte avvik: Det må takast omsyn til at nokre av avviika kan vere feilregistrert.

Ut

Frå statistikken kan ein sjå at det har vore eit jamn auking i avvik innan personvern og informasjonstryggleik. Årsaka til dette er nok både at tilsette etter kvart er blitt meir kjent med systemet, samstundes som det har vore eit auka fokus på at tilsette skal melde avvik, og viktigkeit av melding av avvik også innan personvern og informasjonstryggleik.

Meldingar til datatilsynet

Avvik som gjelder personvern og informasjonstryggleik, kor det er sannsynlig at bruddet vil kunne medføre risiko for de registrertes rettigheter og friheter, skal meldes til Datatilsynet. Slike meldingar har ein meldefrist på 72 timer. Kommunen har i løpet av 2020 meldt inn 13 slike sakar til Datatilsynet. Stabsavdeling Tryggleik har koordinert arbeidet med innsending, og har innhenta informasjon frå tenester, samt hatt dialog med Datatilsynet i sakar. Alle meldingar vart lukka utan pålegg frå Datatilsynet.

Følgjande tiltak er gjennomført i 2020

- Avtalen med Bergen om samarbeidsfunksjonen personvernombod er vidareført
- Begynt arbeidet med behandlingsprotokoller og teke i bruk det digitale systemet Ardoq til dette
- Arbeid med konsekvensvurderinger (DPIA) er påbegynt
- Kurs i personvern (KINS-kurs) er lagt i KS læring og bredda ut i organisasjonen i samband med påbod om heimekontor
- Utarbeida utkast til styrande rutinar som mål- og strategi og organisering innan personvern og informasjonstryggleik-området
- Påbegynt risikovurderingar (ROS) knytt til personopplysningiar
- Kvalitetssikring av databehandleravtaler
- Arbeidd med å få oversikt over alle systemløysingar i kommunen som behandler personopplysningiar

Etikk

Jfr kommunelova § 14-7 d skal det gjerast greie for planlagte og gjennomførte tiltak for å sikra høg etisk standard i kommunen.

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Øygarden kommune vart vedteke av kommunestyret 21.11.2019 i KS-sak 018/19. Dei etiske retningslinene byggjer på almenne etiske verdiar og normer som krev rettferd, lojalitet, at ein er ærleg, påliteleg og sannferdig, og at ein skal oppføra seg mot andre slik ein ynskjer at andre skal oppføra seg mot ein sjølv. Målet med Øygarden kommune sine etiske retningsliner er å sikra ein god etisk praksis med ein standard som gjer at innbyggjarane har høg grad av tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet sine midlar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hos dei som handlar på vegne av kommunen, både som folkevalde og som tilsette.

Rutiner for intern varsling vart vedteke av AMU 29.04.2020 i AMU-sak 08/20. Øygarden kommune ynskjer ein open ytringskultur med høg toleranse for ulike oppfatningar og låg terskel for å seie frå om kva ein oppfattar som kritikkverdige tilhøve.

Både dei etiske retningslinene og varslingsrutinen ligg lett tilgjengeleg for dei tilsette på kommunen si intranettside.

Øygarden kommune er medlem av Transparency International Norge (antikorrupsjon).

Verdiar


Øygarden kommune sine verdiar er:

- Tilgjengeleg
- Raus
- Kompetent
- Løysingsfokusert


Befolkningsutvikling 4. Kvartal 2020

	1.Kvartal 2019	2.Kvartal 2019	3.Kvartal 2019	4.Kvartal 2019	1.Kvartal 2020	2.Kvartal 2020	3.Kvartal 2020	4.Kvartal 2020
Folketall ved inngangen av kvartalet	38 117	38 155	38 198	38 247	38 316	38 409	38 484	38 612
Født	92	108	123	68	109	112	117	110
Døde	50	56	56	71	54	43	54	64
Fødselsoverskudd	42	52	67	-3	55	69	63	46
Innvandring	34	49	63	53	31	10	59	70
Utvandring	37	42	35	24	22	11	19	15
Innflytting, innenlands	393	429	639	424	384	375	553	341
Utflytting, innenlands	394	445	685	380	355	368	528	390
Nettoinnflytting, inkl. inn og utvandring	-4	-9	-18	73	38	6	65	6
Folkevekst	38	43	49	69	93	75	128	52
Folketallet ved utgangen av kvartalet	38 155	38 198	38 247	38 316	38 409	38 484	38 612	38 664

År



Landet




Tabell og graf viser folketalsutviklinga per kvartal i 2019 og 2020. For 2019 er det den samla folketalsutviklinga i gamle Fjell kommune, gamle Sund kommune og gamle Øygarden kommune som er vist. Folketalet viser ein auke på 348 personar i 2020 (0,9 %). Ved utgangen av året bur det 38 664 personar i Øygarden kommune.

Den nederste grafen viser prosentvis folkevekst for Øygarden kommune (0,9 %) samanlikna med dei 10 kommunane med høgst folkevekst i 2020.

Folketalsutviklinga er avgjerande for Øygarden kommune sine frie inntekter (skatt og rammetilskot).

Tala er henta frå tabell 01222 i SSB.

Aldersfordeling per 1. januar 2020



Kilde: Befolking, Statistisk sentralbyrå

Status politiske bestillingar

Vedtak	Status/framdrift
1 Kommunen skal utviklast i tråd med intensjonsavtalen for nye Øygarden kommune. Det skal utarbeidast communal planstrategi som må vedtakast innan september 2020.	Sak om oppstart og avklaring/ prioritering av planarbeid 2020 vart handsama i kommunestyret i februar (KS-sak 11/20) og planstrategien vart vedteken i kommunestyret 29.10, KS-sak 153/20.
2 Arbeidet med samfunnssdelen til kommuneplanen skal starte opp snarast.	Arbeid med kunnskapsgrunnlag og planstrategi dannar grunnlag for vedtak om oppstart av samfunnssdelen. I UFS 01.12.20 PS 060/20 vart det vedteke oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnssdel og kungjering av planprogram for arbeidet. Planprogrammet vart endeleg vedteke i KS-sak 003/21, 18.02.21.
3 Det skal utarbeidast ein lokal veg- og samferdselsplan.	Heng saman med sak om planstrategi
4 Det skal lagast ein klima- og miljøplan for kommunen.	Heng saman med sak om planstrategi
5 Det skal lagast ein eigen handlingsplan som sikrar at Øygarden blir en «JAkommune»	Sak vart lagt fram for kommunestyret i desember 2020, men vart utsett til 18.02.2021.
6 Det skal utarbeidast ein eigen veteranplan	Sak i kommunestyret i juni-20. Saka utsett då den skal sjåast i samanheng med planstrategien.
7 Det skal lagast ein plan for oppfølging av ulovlege byggetiltak	Vedteke «Strategiplan for tilsyn og lovbrotsoppfølging 2020-2021» i KS juni (KS-sak 109/20).
8 Målet er at i løpet av 4-årsperioden skal driftsbudsjettet vere uavhengig av eigedomsskatt.	Vert følgd opp i årlege budsjett og økonomiplan
9 Tenestene skal effektiviserast slik at kommunen reduserer avhengigheit av eigedomsskatt i drifta.	Vert følgd opp i årlege budsjett og økonomiplan
10 Det skal ikkje innførast eigedomsskatt på hytter, bustad eller næring	Vert følgd opp i årlege budsjett og økonomiplan
11 Det vert fremja sak om kva tenester/oppgåver som ikkje er lovpålagte oppgåver og som kan verta aktuelle å ta ut av budsjett 2021	Vert sett i samanheng med budsjett 2021
12 Det skal innførast ein ny modell og finansiering av næringsutvikling	Vedteke - sak i kommunestyret mai (KS-sak 60/20) og juni (KS-sak 118/20)
13 Redusere utgiftene ved bruk av eksterne konsulentar. Det skal fremjast eiga sak om omfanget	Vert følgd opp i budsjett 2021
14 Kommunen skal hente ut ein effektiviseringsgevinst på minst 20 mill innan utgangen av budsjettåret, jfr rapport Telemarksforskning	Vert følgd opp innafor kvart kommunalsjefområde, rapportering til politisk nivå i samband med perioderapportar
15 Starte arbeidet med ein ny skule på vestsida til erstatning for Skålevik skule.	Sak UTL (17/20) og UFS (14/20) april 2020. Sak KS 161/20 med vedtak om moglegheitsstudie oktober 2020.
16 Styrke innsatsen mot mobbing og trakkassering gjennom felles antimobbeprogram i barnehagar og skular. Vurdere å opprette eit mobbeombod i løpet av perioden.	Vedtak i kommunestyret juni (KS-sak 102/20). Saka er innarbeidd i budsjett 2021. Tverrfagleg arbeidsgruppe i gong med å sikre heilskapleg felles system. Saka kjem til til politisk nivå sommaren 2021.
17 Det skal leggjast til rette for meir yrkesretta opplæring i 9. og 10. klasse.	Vedteke i kommunestyret (KS-sak 129/20). Saka er innarbeidd i budsjett 2021.
18 Det skal vere kontinuerleg barnehageopptak i kommunen	Kommunen har samordna hovudopptak for kommunale og private barnehagar kvar vår for kommande/ nytt barnehageår med oppstart i august. Søknadsfrist er sett til 1.mars. Nye søknader som kjem inn etter fristen vert handsama fortløpande etter hovudopptaket. Kommunen har eit hovudopptak og supplerande opptak gjennom året.

Vedtak	Status/framdrift
19 Det skal fremjast sak om gjennomgang av skule- og barnehagesektorane for å harmonisera og redusera driftskostnadane. Det skal setjast måltal for dei einskilde einingane frå hausten 2020 basert på KOSTRA-samanlikningar. Driftskostnadane bør etter harmonisering spegle samanliknbare einingar på landsbasis.	Sak i kommunestyret juni 2020 «Revidert budsjett» (KS-sak 93/20).
20 Starte arbeidet med eit nytt regionalt rådhus/kulturhus eventuelt som eit samarbeidsprosjekt mellom offentleg og privat sektor. Det skal utgreiaST mogeleg samordning med ny vidaregåande skule. Dette må sjåast i samband med økonomiplan.	Sak i kommunestyret desember 2020, KS-sak 197/20, men utsett til februar 2021, KS-sak 019/21. Det skal gjennomførast eit mogleghetsstudie saman med Vestland fylkeskommune.
21 Starte arbeidet med å utgreie eit nytt heildøgn omsorgstilbod uavhengig av diagnose	Finansiering av forprosjekt vert vurdert i samband med budsjett 2021.
22 Det skal straks setjast i gong arbeid med formål å auke talet på heildøgnplassar både for somatiske og demente brukarar, her under skjerma einingar. Det skal fremjast sak i første tertial. Saka skal også gjere greie for bruk av paviljongen ved Fjell sjukeheim til dette formålet	Sak i UTL (41/20) og kommunestyret juni 2020 (KS-sak 104/20). Vert følgd opp i tråd med vedtak.
23 Invitere næringslivet og utdanningsinstitusjonar til å etablere eit senter for utvikling av velferdsteknologi	Behov for nærmere avklaring, sak våren 2021.
24 Vurdere å fremje sak om å oppretta eit kommunalt føretak for alle helsebygga i kommunalt eige eller i sameige m/Helse Vest	Behov for nærmere avklaring om politisk intensjon/bestilling.
25 Sluttføring av sentrumssplan Skogsskiftet	Det vert arbeidd med Kommunedelplan for Skogsskiftet der avklaringar i denne overordna planen og kan gje løysingar på uavklarte spørsmål i Detaljregulering for Skogsskiftet sentrum. Kommunedelplanen kjem til politisk handsaming i februar/ mars 2021.
26 Det skal utarbeidast sak om tiltak for å utjamna sosiale forskjellar hos barn og unge for å redusere barnefattigdom	Sak i formannskapet januar (FS-sak 8/20)– søkt om midlar frå BUFDIR og deltaking i forsøksordning om fritidskort. Avslag på søknad.
27 Arbeide for at det kan skapast fleire lærplingplassar i kommunen og næringslivet. Ved nye offentlege kontraktar skal bedrifter som har lærlingar føretrekkjast	Tiltak i sak om «Innkjøpsstrategi 2020 – 2023», handsama i Kommunestyret april (KS-sak 31/20) .
28 Sikra gjennomføring av nytt Sotrasamband, og vegsambanda Sotra nord og sør	Det er jamlege møte med prosjektet «Sotrasambandet» (både adm og politisk) for naudsynte avklaringar og gjensidig informasjon.
29 Det skal i første halvår 2020 gjennomførast ei tidsregistering på bygge- og reguleringssaker.	Fleire alternativ under utgreiing, t.d. avklaring mot andre kommunar, og testa ut om nytt time-registeringssystem kan nyttast til dette føremålet.
30 Trafikksikringtiltak på Idrettsvegen Søre Straume vert å koma attende til i revidert budsj juni 2020	Tiltak i samband med Byvekstavtalen, prosjektet er forankra i Handlingsplan 22-25, men det er ikkje sikra endeleg finansiering i 2021 over statsbudsjettet.
31 Gebyr og brukarbetaling, vedteke i eigen sak, vert gjort gjeldande for budsjett 2020	Følgd opp av gebyrutvalet og vedtak i kommunestyret juni (KS-sak 100/20).
32 Medlemskap og tilskot til organisasjonar: Det vert lagt frem eiga sak i februar som skal visa ei detaljert oversikt over alle tilskot som vert vidareført i den nye kommunen	Sak i UTL februar 2020 (11/20).

Sentrale kapittel

Økonomiske handlingsreglar

Ifølgje Kommunelova § 14-2 pkt c) skal alle kommunar vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi. Øygarden kommune har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstige 100 % av brutto driftsinntekter

Måla bør vera nådd seinast innan 31.12.2023.

Resultata for 2020 viser følgjande:

	Mål	Resultat 2019	Resultat 2020
Netto driftsresultat	1,75 %	-4,7 %	-0,5 %
Disposisjonsfond	5 %	3,6 %	2,7 %
Lånegjeld	100 %	100,7 %	102,8 %

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Oppr. bud.	Rev. bud. 2020	Regnskap	Avvik i kr
Frie disponibele inntekter				
Rammetilskudd	-1 033 817	-1 102 717	-1 115 044	12 327
Inntekts- og formuesskatt	-1 126 594	-1 101 594	-1 073 322	-28 272
Eiendomsskatt	-158 106	-159 206	-159 227	21
Andre generelle driftsinntekter	-113 344	-102 024	-108 944	6 920
Sum Frie disponibele inntekter	-2 431 861	-2 465 541	-2 456 537	-9 004

Rammetilskudd

Øygarden kommune sine driftsinntekter er samansett av inntekts- og formuesskatt, egedomsskatt, rammetilskot frå staten og øvrige driftsinntekter som vert inntektsført direkte i einingane.

Rammetilskotet for 2020 er bokført med kr 1 033,8 mill, noko som er kr 12,3 mill høgre enn revidert budsjett.

Inntekts- og formuesskatt

Skatteinntektene er bokført med kr 1 126,6 mill i 2020. Dette er kr 28,2 lågare enn revidert budsjett og kr 53,3 mill lågare enn opprinneleg budsjett.

Øygarden kommune har eit skattenivå på 89 % av landsgjennomsnittet. Frå 2019 til 2020 var det ein skattenedgang på 1,4 %. I samme periode hadde landet ein skattenedgang på 0,7 %. Skattesvikten har si årsak i koronapandemien.

Eiendomsskatt

Øygarden kommune skreiv i 2020 ut eiendomsskatt etter esktl § 3 første ledd, berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

I tillegg skreiv kommunen ut eiendomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" etter overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget var i 2020 lik 5/7 av differansen mellom eiendomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjoner ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringseigedom.

Den alminnelege eiendomsskattesatsen for skatteåret 2020 var 7 promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, 5 promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og 4 promille i gamle Sund kommune.

Øygarden kommune har fleire klagesaker på eiendomsskatt til handsaming som skriv seg frå gamle Øygarden kommune. Dersom klagar får medhald kan det gi store økonomiske konsekvensar for den nye kommunen, både i form av eventuell tilbakebetaling av innbetalt skatt, og framtidige eiendomsskatteinntekter. I tillegg er kommunen stemna for retten i ei sak.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Oppr. bud.	Rev. bud. 2020	Regnskap	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter				
Renteinntekter	-14 674	-10 974	-19 288	8 314
Utbytter	-21 080	-21 080	-22 196	1 116
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-6 000	-6 000	-12 263	6 263
Renteutgifter	101 531	87 031	79 418	7 613
Avdrag på lån	110 000	110 000	110 876	-876
Sum Finansinntekter/-utgifter	169 777	158 977	136 546	22 431

Utbytter

Totalt mottok Øygarden kommune utbytte på kr 22,2 mill i 2020 fordelt med kr 20,6 mill frå BKK og kr 1,6 mill frå BIR.

Renteutgifter

Renteutgifter er i rekneskap 2020 bokført med kr 79,4 mill, noko som er kr 7,6 mill mindre enn revidert budsjett og kr 22 mill mindre enn opprinnelige budsjett.

Noregs bank reduserte styringsrenta med 0,25 prosentpoeng til 0,00 % på rentemøtet 7. mai. Styringsrenta er etter dette holdt uendra. Totalt er styringsrenta redusert med til saman 1,50 prosentpoeng i 2020, og styringsrenta held seg på eit historisk lågt nivå.

Avdrag på lån

Det er i 2020 betalt ordinære avdrag på lån med kr 110,9 mill som er kr 0,9 mill meir enn budsjettet. I tillegg er det betalt kr 28,3 mill i ekstraordinære avdrag på lån og kr 8,3 mill i avdrag på startlån i investeringsrekneskapen.

Ein stor del av driftsinntektene vert brukt til å betala renter og avdrag. I 2020 utgjer dette til saman kr 190,3 mill.

Lånegjeld

Ved utgangen av 2020 er total lånegjeld kr 3,81 mrd. Det vart i løpet av 2020 teke opp nytt lån på kr 135,7 mill til investeringar og kr 85 mill til startlån i tråd med budsjettvedtak i KS-sak 54/19. Samla låneopptak i 2020 var kr 220,7 mill.

Pensjon

Fellesnemnda gjorde vedtak om at Øygarden kommune skal ha ei forsikra pensjonsløysing i sak 73/18 i Fellesnemnda. Etter at pensjonsordninga hadde vore ute på anbod valde fellesnemnda KLP som pensjonsleverandør i sak 61/19. Fjell kommunale pensjonskasse vart etter søknad til Finanstilsynet avvikla i løpet av 2020.

Opptent eigenkapital inklusiv risikoutjamningsfond på kr 2,4 mill vart overført til Øygarden kommune sitt premiefond i KLP med totalt kr 32,6 mill. Innskutt eigenkapital på kr 54,4 mill vart overført til Øygarden kommune.

Ekstraordinært eigenkapitalinnskot i KlP i 2020 var kr 32,1 mill. I tillegg kjem ordinært eigenkapitalinnskot på kr 5,3 mill.

Rekneskapsføringa av pensjon følgjer forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner § 3-5. Reglane inneber at det ikkje er den betalte pensjonspremien som skal rekneskapsførast, men berekna pensjonskostnadane og premieavvik. Berekingane byggjer på fastsette føresetnadane.

	Klp	Spk	Sum
Innbetalt premie 2020	96 221 110	32 278 676	128 499 786
Netto pensjonskostnad	113 548 076	31 202 219	144 750 295
Premieavvik	25 379 641	-70 223	25 309 418

Pensjonskostnadane for 2020 er bokført med totalt kr 144,8 mill, mens premieavviket er kr 25,3 mill.

Plasseringar

Øygarden kommune har plasseringar i anleggsobligasjonar, omløpsobligasjonar, obligasjonsfond og aksjefond.

Oversikta under viser plasseringane:

	2019	2020
C WorldWide	133 311	140 271
DnB	130 997	136 301
Sum	264 309	276 572


Per 31.12.2020 var plasseringane på totalt kr 276,6 mill. Aksjeeksponeringa er på totalt 6,7 % av porteføljen. I 2020 har plasseringane hatt ei avkastning på kr 12,3 mill, noko som utgjer 4,64 %.

Eksponeringa i aksjemarknaden for kapitalbeholdninga har vært låg og det gjer at avkastninga 2020 har vore god i ein veldig turbulent periode. Øygarden kommune har som målsetjing at ein skal oppnå tilfredsstillande avkastning utan at kommunen tek vesentleg finansiell risiko. Forvaltning av kapitalfondet har i 2020 vore gjennomført i tråd med dette. Forvaltninga har vore utført av C WorldWide og DNB.

Fond

	Rekneskap 31.12. 2019	Korrigert for res. 19	Rekneskap 31.12. 2020
Dispositionsfond	148 706 346	110 352 809	80 685 359
Bundne driftsfond	43 969 655	43 969 655	59 162 013
Ubundne investeringsfond	78 703 019	78 703 019	343 349 069
Bundne investeringsfond	12 589 009	12 589 009	29 031 913
Sum	283 968 030	245 614 493	512 228 354

Tala for 2019 gjeld summen av dei tre gamle kommunane Sund, Fjell og gml. Øygarden.



Likviditet


(tal i heile tusen kr)

	2019	2020
Omløpsmidlar	1 023 947	1 162 877
Kortsiktig gjeld	525 052	404 039
Arbeidskapital	498 895	758 838
Likviditetsgrad 1	1,95	2,88
Likviditetsgrad 2	0,95	1,50
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	16,4 %	25,5 %

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld vert kalla likviditetsgrad. Likviditetsgraden fortel noko om kommunen sin evne til å dekka sine kortsiktige forpliktingar. Likviditetsgrad 1 (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) bør vera over 2. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet auka frå 1,95 per 31.12.2019 til 2,88 per 31.12.2020.

Likviditetsgrad 2 er forholdet mellom dei mest likvide omløpsmidlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omløpsmidlane er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar som er klassifisert som omløpsmidlar. Likviditetsgrad 2 bør vera over 1. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet auka frå 0,95 per 31.12.2019 til 1,50 per 31.12.2020.

Både likviditetsgrad 1 og likviditetsgrad 2 er auka i 2020 samanlikna med 2019.




Likviditeten varierer mykje gjennom året. DNB var Øygarden kommune sin hovudbank i 2020. Hausten 2020 var avtale om hovudbanksamband ute på anbod. DNB vann anbodet og det vert inngått ny avtale gjeldande frå 1.4.2021.

Oversikt drift tenesteområda

	Rekneskap	Rev. Budsjett	Avvik	Avvik i %
	2020	2020		
Politisk	13 925 619	16 408 625	2 483 006	15,1 %
Kommunedirektør	68 475 558	70 569 963	2 094 405	3,0 %
Ressursgruppe	9 449 714	7 047 110	-2 402 604	-34,1 %
Økonomi	28 555 239	34 166 049	5 610 810	16,4 %
Organisasjon og digitalisering	350 013 829	357 510 435	7 496 606	2,1 %
Helse og velferd	738 148 202	705 502 871	-32 645 331	-4,6 %
Oppvekst	881 526 748	856 632 595	-24 894 153	-2,9 %
Kultur og samfunn	265 840 580	282 345 659	16 505 079	5,8 %
Sum	2 355 935 489	2 330 183 307	-25 752 182	-1,1 %

Kommunalsjefområde Organisasjon og digitalisering innehold driftstilskot til private barnehagar på kr 190,5 mill.



KOSTRA hovedtall

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe	Landet 10 uten Oslo
Økonomi								
Frie inntekter i kroner per innbygger (B)	54 976	56 600	58 174	59 988	56 906	56 069	56 529	59 230
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	81 149	81 109	103 765	98 615	54 389	45 650	85 463	86 880
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	100,7 %	102,8 %	130,7 %	109,6 %	63,0 %	57,8 %	100,3 %	96,3 %

Status investeringsprosjekt

Prosj.nr	Prosjekt	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Rest 31.12
20000	Tjeldstø - Neset	0	1 000 000	1 000 000
20001	Torsvik aust VA	0	168 000	168 000
20002	Asfaltering tomt - nord for Blom bensin	1 128 166	0	-1 128 166
20003	Sal av aksjar i BIR	300 771	0	-300 771
20004	Nødnett	0	1 200 000	1 200 000
20005	Ombygging/rehab. Bygg	0	15 000 000	15 000 000
20007	Fallunderlag/leikeapparat skular/bhg	385 042	400 000	14 958
20009	Gang og sykkelsti Kausland-Glesnes	0	4 500 000	4 500 000
20010	Veglys, skifting til LED lys	498 750	500 000	1 250
20011	Sundhallen, utbetr. av armaturar og lysanl. gard./gang	286 195	440 000	153 805
20012	Lysarmatur innvendig/utvendig div. bygg	242 740	320 000	77 260
20013	Skogsvåg skule gamle delen armatur ++	797 763	850 000	52 238
20014	Omsorgsbustader funksjonshemma nord	0	4 000 000	4 000 000
20015	Dagsturhytte	325 100	0	-325 100
20016	Kausland kyrkje - tak	47 063	74 000	26 938
20017	Ny paviljong Klokkarvik barnehage	442 188	0	-442 188
20018	Sundheimen	300 896	2 186 000	1 885 104
20019	Veg Eide - Spildepollen (K135/07) (A778) utlegg State	358 539		-358 539
20125	Ågotnes idrettspark del 2 2019-2021, flomlys (4268)	240 176	0	-240 176
20127	Ågotnes idrettspark del 4 kunstgrasbane trimpark (427)	645 664	0	-645 664
20128	Ågotnes idrettspark del 5 turveg (4271)	320 151	0	-320 151
20130	Hjelteryggen skule Takoppgradering spes avd (4377)	854 234	0	-854 234
20131	Hjelteryggen skule Vegskråning (4355)	140 463	0	-140 463
20136	Fjell usk, basseng Utskifting pumper, filter, røyr (4250)	271 646	0	-271 646
20138	Hjelteryggen Takstein (4631)	302 715	0	-302 715
20139	Oppgradering eldre barnehagar 2014- (9055)	243 750	0	-243 750
20151	Hellesøy kai, snuplass	-2 425 653	0	2 425 653
20152	Overføringsleidning Alvheim - Blomvåg	222 596	4 300 000	4 077 404
20161	Hjeltefjorden Arena symjehall	42 415 030	20 700 000	-21 715 030
20162	Hjeltefjorden Arena - Uteområde	5 129 475	13 800 000	8 670 525
20170	PU bustader	6 075	1 700 000	1 693 925
20171	Kystmuseet - kai	1 139 926	900 000	-239 926
20172	Kjøpmannsvågen - Parkeringsplass FV561	1 093 895	1 100 000	6 106
20173	Kulturhuset - Oppgradering	1 274 164	3 600 000	2 325 836
20174	Tednebakkane - ombygging	1 578		-1 578
20180	Rong gard VA	125 688	1 000 000	874 313
20181	Arseta - VA Rongøy - sentrumsplan	6 956 848	7 700 000	743 152
20182	Hjeltefjorden fjordpark	6 436 213	0	-6 436 213
20184	Aresta - Kryss ink. VA	8 034 963	1 000 000	-7 034 963
20185	Aresta - Kryss del 2 m/kulvert	500 160	0	-500 160
20186	Fortau FV 225 ved gnr 35 bnr 128	0	7 800 000	7 800 000
20190	Kystmuseet - nybygg på kai	8 582 451	10 000 000	1 417 549
20191	Blomvåg Gravplass	32 312	50 000	17 689
20192	Ormhilleren Ny parkeringsplass	489 749	0	-489 749
20193	Hjeltefjorden sjøfront - molo	1 038 201	0	-1 038 201
20194	Kystmuseet - VA kaiområde	802 491	0	-802 491
20195	Vik kryss - Trafikksikring Toftøy FV 561	958 942	984 000	25 058
20196	Kulturhuset - ny fasade & skytebane	14 912 116	13 400 000	-1 512 116
20197	Kulturhuset - nytt tak	1 743 008	0	-1 743 008

Prosj.nr	Prosjekt	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Rest 31.12
20198	Torsvik vest VA (Storhaugen)	391 883	1 700 000	1 308 118
20199	Rong skule - Gymsal	9 516 592	8 800 000	-716 592
20200	Spildepollen skule, idrettshall, fotballbane, infrastruktur	3 052 458	3 070 000	17 542
20201	Utviding Stranda skule inkl. oppgradering utomhusanlegg	1 068 278	1 579 000	510 722
20202	Skilfe tak på Hjelteryggen skule (frå Fjell 2019)	640 676	0	-640 676
20203	Spildepollen barnehage, forprosjekt og bygging	22 966 127	22 659 000	-307 127
20205	Teknisk servicebygg - Områudeutvikling sør	1 087 237	1 100 000	12 763
20206	Stranda skule, nytt tak	4 106 632	4 000 000	-106 632
20210	Omsorgsbustader for funksj.hemma (3 stk)	0	13 125 000	13 125 000
20211	FV 5218 Klokkarvik (tildl FV198) Prosjektering	52 474	6 500 000	6 447 526
20213	Parkering, veg og kai Brattholmen skule	6 541 463	0	-6 541 463
20214	Ågotnes idrettspark del 1 2019-2021, grasbane, dekke	5 788 294	19 351 000	13 562 706
20351	Hidlamyrvegen 3 - Nye omsorgsbustadar Skogsskiftet	-23 403 809	12 458 000	35 861 809
20400	Liljevatnet barnehage	2 634 034	0	-2 634 034
20401	Foldnes skule	1 829 443	1 412 000	-417 443
20402	Bjørøy skule	3 944 269	2 270 000	-1 674 269
20403	Landro gravplass	1 868 620	5 759 000	3 890 380
20404	Fjell sjukeheim - Ombygging demens avd.	12 804 960	6 013 000	-6 791 960
20405	ØLMS	1 540 414	0	-1 540 414
20406	Lyngheia bufellesskap	7 175	0	-7 175
20407	Straume kommunale barnehage	-120 788	0	120 788
20408	Takheisar TBOS	0	500 000	500 000
20901	IKT investeringar	9 142 925	16 417 000	7 274 075
29999	Avdrag startlån	-257 504	0	257 504
50001	Sartorparken - utbyggingsavtale	5 024 952	0	-5 024 952
54001	Gangveg FV Kolltveit vest (6736)	50		-50
54008	Utbetring Foldnes skule	144 706		-144 706
54014	Ladestasjoner kommunale bygg	935 525	0	-935 525
54015	Oppgradering Geitvika	800 000	800 000	0
54017	Oppgradering uteområder skular	335 024		-335 024
54020	Utbetring av vregar (Foldnesvegen)	-13 000 000	56 875 000	69 875 000
54021	Foldnesvegen BT2	14 724 737	0	-14 724 737
54023	Idrettsvegen/Trollhaugmyra, fortau	394 966	0	-394 966
54025	Reguleringsplan Arefjordvegen	1 571 152	0	-1 571 152
54026	Fjellsikring	389 256	0	-389 256
54032	Fv 209 Rundkøyring	3 427 000	0	-3 427 000
54033	Ombygging Skjenet 2	104 029	0	-104 029
54034	Blomvåg vest	426 798	0	-426 798
54035	Blomvåg infrastruktur	1 922 215	2 000 000	77 785
54036	Opprusting kommunale vregar	1 006 331	12 974 000	11 967 669
54900	Refusjon utlegg fylkesvegar (utlegg tidlegare år)	-24 000 000		24 000 000
99001	Kjøp av aksjar og andelar	37 450 149	36 000 000	-1 450 149
99002	Sal av aksjar og andelar	-32 107 839		32 107 839
99003	Kjøp av tomtar	1 181 312	2 000 000	818 688
99007	Ekstraordinære avdrag på lån til investering	28 300 000		-28 300 000
99008	Avdrag ØBU	-4 636 500		4 636 500
99999	Utgifter utan prosjektnr	9 805 043		-9 805 043
99100	Finansiering av investering	-207 002 992	-356 034 000	-149 031 008

20015 Dagsturhytte

Prosjektet er overtatt av kulturavdelinga. Fundamentering kjem i veke 48. Montering av hytte veke 51.

20016 Kausland kyrkje - tak

Skifte av kyrkjespír og deler av takkonstruksjon grunna dårlig tilstand. Tilstandskartlegging gjennomført. Ligg inne i budsjettforslag for 2021. Oppstart konkurransegrunnlag mars 2021.

20017 Ny paviljong Klokkarvik barnehage

Tilbygg til eksisterande barnehage. Ferdig kontrahert. Detaljprosjektering samt søknad om tiltak oktober/november. Oppstart byggeplass forventa januar 2021.

20018 Sundheimen (velferdsteknologi)

Installering av velferdsteknologi. Ferdig kontrahert entreprenør. Oppstart installasjon frå 04.01.21, og planlagt ferdigstilling 30.06.21.

20173 Kulturhuset - oppgradering

Ferdigstilt. Ettårsbefaring er avtalt i desember.

20174 Ombygging Tednebakkane

Ombygging av avdeling til anna brukergruppe + velferdsteknologi. Moglegheitsstudie pågår. Leggast fram til politisk handsaming i april/mai 2021.

20190 Kystmuseet - nybygg på kai

Delovertaking av bygget 26.06.20 prøvedrift av tekniske anlegg fram til desember 2020. Prosjektet er no ferdigstilt.

20196 Kulturhuset - ny fasade og skytebane

Delovertaking av bygget 1.09.20, prøvedrift tekniske anlegg til feb. 2021. Prosjektet er no ferdigstilt.

20197 Kulturhuset - nytt tak

Taket over kultursalen og taket over midtbygget er utbedret. Prosjektet er no ferdigstilt.

20199 Rong skule - gymsal

Utbedring av gymsal. Prosjektet var overtatt 11.11.2020. Prosjektet er no ferdigstilt.

20200 Spildepollen skule, idrettshall, fotballbane, infrastruktur og turveg

Ny skule i Spildepollen. Prosjektet er ferdigstilt, men gjenstår mindre arbeid til justering av trafikkareal. 300.000 kroner vert forslått som bidrag til utviding av BMX-bane ved skulen som Glesnes Ungdomslag utfører. Kommunen vil halde fram som eigar av BMX-bana.

20201 Utviding Stranda skule inkl. oppgradering utehusanlegg

Prosjektet avslutta i 2020.

20203 Spildepollen barnehage, forprosjekt og bygging

Ny barnehage i Spildepollen. Prosjekt følger plan og skal vere ferdigstilt vår/sommar 2021. Det er venta mindre forseinking grunna corona, men klar til barnehageår 2021/22 i samsvar med plan.

20205 Teknisk servicebygg - områdeutvikling sør

Ny brannstasjon, teknisk bygg samt flytting av bussoppstillingsplass. Prosjektering + avklaringar med fylkeskommunen pågår. Prosjektet er vedtatt. i budsjett 2021. Det vert jobba med å få turveg inn i den

pågående kommunedelplanen for Skogsskiftet. Politisk orientering i Utval for samfunnsutvikling mai 2021.

20206 Stranda skule, nytt tak

Bytte av tak på deler av skule samt symjehall. Arbeidet er ferdigstilt oktober/november 2020.

20207 Skogsvatnet - turveg

Turveg langs vestre side av Skogsvatnet og rundt Hesttjødna er under prosjektering. Turvegen ligg i LNF og kommunedelplanen for Skogsskiftet må opne for turveg i LNF om tiltaket skal kunne bli realisert.

20212 Porsvika fikerihamn - lagerbygg

Moglegheitsstudie er starta opp. Det vert planlagt for sak om lagerbygget til utval for samfunnsutvikling andre kvartal 2021.

20400 Liljevatnet barnehage

Ombygging av nedlagt skule til barnehage. Ombygging fase 1 er tatt i bruk januar/februar 2020. Fase 2 er budsjettet i 2021 og det gjennomførast konkurranse vår 2021

20403 Landro gravplass

Oppgradering av gravplass. Prosjektet er ferdigstilt vår 2020.

20404 Fjell sjukeheim - ombygging demensavd

Ombygging av demensavdeling, montering av sprinkleranlegg sjukeheim + installering av velferdsteknologi. Prosjektet er ferdigstilt vinter 2021.

20161 Hjeltefjorden Arena

Symjeanlegg Rong. Ferdigstilt haust 2020.

20182 Hjeltefjorden fjordpark

Parkanlegg Rong. Ferdigstilt sommar 2020.

20184 Arseta

Kryss og vegutbetring Arseta sør. Delt i to faser. Fase 1 er ferdigstilt, fase 2 er under gjennomføring. Konkurranse på entreprenør er gjennomført haust 2020 med planlagd oppstart vår 2021.

20211 FV 5218 Klokkarvik (tidl FV 198), prosjektering

Prosjektet kan ikke gjennomførast grunna manglende finansiering. Kan ikke lånefinansiera tiltak på fylkesveg.

20170 PU bustader

Prosjektet kan ikke gjennomførast grunna manglende finansiering. Nye bustader bør sjåast i samanheng med føringar i samfunnsplan.

20009 Gang og sykkelsti Kausland - Glesnes

Prosjektet kan ikke gjennomførast grunna manglende finansiering. Kan ikke lånefinansiera tiltak på fylkesveg.

Tenesteområda i kommunen

Politisk

Status og viktige hendingar

Kommunestyret i Øygarden kommune består av 45 representanter med følgjande samansetjing:

Parti	Repr
Høgre	10
Arbeiderpartiet	8
Sotralista	5
Folkeaksjonen Nei til mer bompenger	4
Kristeleg folkeparti	4
Fremstegspartiet	4
Senterpartiet	4
Miljøpartiet De Grønne	2
Sosialistisk venstreparti	2
Venstre	2
Raudt	1
Sum	45

Politiske saker

Tabellen under viser tal saker i ulike utval i 2020. Totalt er det handsoma 672 saker i 2020.


Utval	Saker
Kommunestyret	202
Formannskapet	168
Utval for plan (UFP)	91
Utval for samfunnsutvikling (UFS)	73
Utval for tenester og levekår (UTL)	96
Administrasjonsutvalet	42
Sum	672

Status økonomi


Beløp i 1000

Ansvar	Rev. bud.	Regnskap	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2020		
Sum	16 409	13 926	2 483	15,1 %

Detaljvisning drift (graf)



Driftsinntekter



KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe	Landet 10	uten Oslo
Prioritet									
Netto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B)	450	263	312	342	275	162	252	367	
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B)	34	27	38	150	33	32	65	97	

Kommunedirektør

Omtale av kommunalsjefområdet

Lønsbudsjettet til kommunedirektøren inneholder overordna stillingar og ressursgruppa. Andre utgifter som ligg på dette ansvarsområdet er tilskot til eksterne samarbeidspartnarar innan næring, kommunale føretak, kyrkja og kommunale medlemsskap.

Status økonomi


Beløp i 1000

Ansvar	Rev. bud.	Regnskap	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2020		
2000-Kommunedirektør	70 570	68 476	2 094	3,0 % 
2010-Ressursgruppe	7 047	9 450	-2 402	-34,1 % 
Sum	77 617	77 925	-308	-0,4 % 


Kommentar til status økonomi

Ressursgruppa har eit negativt avvik på kr 2,4 mill på grunn av at det har tatt lengre tid å finna høveleg arbeid til tilsette enn planlagt i budsjettet.

Detaljvisning drift (graf)



Driftsinntekter



Økonomi

Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Økonomi har to stabsavdelingar. Dette er Innkjøp og investering og Økonomistyring. Kommunalsjefområde Økonomi har ansvar for budsjett/ økonomiplan, rekneskap, analyse, finansforvaltning, eigedomsskatt, fakturering, løn, innkjøp og investering. Skatteoppkrevjarfunksjonen (Kemner) er overført til staten frå 01.11.2020.

Status og viktige hendingar

Kommunalsjefområde Økonomi har hatt eit utfordrande år med korona, heimekontor, innføring av nye systemer og mykje merksemd rundt innkjøp og investeringsprosjekt frå dei tre gamle kommunane. Dette er nokre av dei viktige sakene/ hendingane innan kommunalsjefområdet i 2020:

- Utarbeidd økonomireglement og finansreglement
- Innført digitale personalmeldingar og digitale timelister i heile kommunen
- Innført månedleg økonomirapportering for alle einingsleiarar
- Innført digitalt verktøy for analyse, planlegging, budsjettering, rapportering og verksemdstyring (Framsikt)
- Vedteke innkjøpsstrategi og starta oppbygging av eigen eining for innkjøp. Mange prosessar kring dette er pågåande.
- Rekruttert nøkkelkompetanse m/ innkjøpsfagleg kompetanse.
- Gjennomført fleire større konkurransar, til dømes rammeavtale handverkstenester, vaskeritenester og fleire entreprisekontraktar.
- Ferdigstilt ein rekke investeringsprosjekt frå dei gamle kommunane.
- Pågående og førebuing av store investeringsprosjekt, til dømes teknisk servicebygg Skogsskiftet, ny skule Vestsida, Liljevatnet barnehage del 2.
- Utarbeida og vedteke investeringsreglement og felles fasemodell for større investeringsprosjekt.
- Frå 1. november vart kemnarkontoret nedlagt som ei følgje av at Skatteetaten overtok skatteoppkrevjaroppgåvane. Dette vart markert med ei tilstelling på rådhuset på Straume.

For 2020 er det en sak som ble levert til KOFA, som gjelder innkjøp utover rammen for rammeavtaler. Det føreligg økonomisk risiko knytt til utfallet i saken.

Arbeidsmiljømessige konsekvensar av Covid-19

Covid-19 har ført til mykje bruk av heimekontor og digitale møter. Det har vore vanskeleg å byggja ny kultur og handtera saker på eins måte.

Harmonisering

Skattesatsane for eigedomsskatt må harmoniserast over fleire år i tråd med lov om eigedomsskatt.

Øygarden kommune her pågående klagesaker knytt til eigedomsskatt. Dersom klagar får medhald kan det store økonomiske konsekvensar, både i form av eventuell tilbakebetaling av innbetalt skatt, og framtidige eigedomsskatteinntekter. I tillegg er kommunen stemna i ei rettssak knytt til eigedomsskatt.

Status økonomi



Beløp i 1000

Ansvar	Rev. bud.	Regnskap	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2020		
2100-Kommunalsjef økonomi	1 260	1 698	-438	-34,8 %
2110-Økonomistyring	18 964	18 927	37	0,2 %
2120-Kemner	2 243	2 974	-731	-32,6 %
2130-Innkjøp og investering	11 698	4 955	6 743	57,6 %
2140-Øygarden Bustadutvikling KF (under etablering)	0	0	0	0,0 %
Sum	34 166	28 555	5 611	16,4 %

Kommentar til status økonomi

Innkjøp og investering har gjennom året hatt ein del vakante stillingar, mellom anna to stillingar med oppstart frå medio august 2020.

Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe	Landet
Prioritet							10	uten Oslo
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B)	5 016	5 151	3 064	3 426	3 350	3 407	3 700	4 320
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	594	661	206	608	681	126	486	504

Organisasjon og digitalisering

Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Organisasjon og digitalisering er eit stabsområde som består av einingane Drift, Utvikling, Service og Tryggleik.

Området er under evaluering og vil bli påverka av den pågående evalueringsprosessen og framtidige reorganiseringa av kommuneadministrasjonen.

Status og viktige hendingar

1. Etablering av eit nytt kommunalsjefsområde med bygging av fire nye stabsavdelingar Drift, Service, Utvikling og Tryggleik.
2. Kommunalsjefområdet har hatt ansvar for bygging, implementering og utrulling av nye fag og felles støttesystem. Dette har blitt gjort for å fornja, forbetra og forenkle tenestene, samstundes som ein standardiserer arbeidsprosesser og effektiviserer kommunen. Døme på nye stabs- og støttesystem som ein har fått på plass i 2020, er felles dokument/arkiv system, personal, rekruttering og timeregistreringssystem, felles avvik og kvalitetssystem, internett og intranettportalen, profil og logo, eit nytt felles telefonisystem, system for prosjekt og verksemderarkitektur, «Ekspress-implementering» av heimekontorløsing og digitalt samarbeidsverktøy (Microsoft Teams), kurs og kompetanse/læringsportalen, møte- og politikarportalen, 2500 datamaskiner og 120 bygg som er klargjort for bruk, nye e-poster til alle tilsette, bygd nye datarom, og lagt over drift av system/it- infrastruktur frå tre til ein felles serverpark.
3. Øygarden kommune ynskje å skapa ein innbyggjarorientert kommune og samstundes ta ut administrative effektiviseringsgevinstar. Det har vore ei viktig strategisk satsing å ta i bruk nye system som opnar for digital flyt som eliminerer eller reduserer manuelle stafettvekslinger ("plunder og heft") i kommuneadministrasjonen. Kommunen har etablert nye digitale søknadsskjema og sjølvbetente løysingar for å forenkle og betra dialogen med innbyggjarane.

Innbyggjartorg: Eitt av måla i visjonen til Øygarden kommune, har vore å etablera brukarretta kanalar mellom kommune og innbyggjar. Etableringa av Innbyggjartorga på Straume, Rong og Skogsvågskiftet, der ein har samlokalisert servicefunksjonane til kommunen og biblioteka, har svart ut dette og gjev no eit fysisk tilbod nært innbyggjarane. Neste fase i vidareutviklinga av Innbyggjartorga vert å få utarbeidd ein innbyggjarstrategi som tek opp i seg korleis kommunane vidare kan oppfylla rolla si som samhandlingskommune.

4. Den nye kommunen er ei av Vestland sine største verksemder. Spesielt i oppstart- og endringsprosessar knyt til kommunesamslåinga og utrulling/implementering av nye system, rutinar, prosedyrar, reglement og arbeidsprosessar, er det eit stort behov for støtte til kommunen sine 2 500 tilsette- og leiarar.

Tilsett service: Eit mindre personavhengig og meir strukturert system for intern service (Tilsett service) har blitt etablert i løpet av året, og følgjer prinsippet om «ei dør inn» for stabs- og støttetenester. Tilsett service har i løpet av året motteke og svara ut ca. 9800 hendvendingar, og har som mål i 2021 å tilby ei slik service innafor fleire fagområde.

5. Dette året har ein etablert eit nytt politisk sekretariat og utarbeiding av regelverk for politisk verksemd med møtesekretærfunksjon, opplæring og støtte til politikarar i 15 ulike politiske råd og utval, 3 kommunale føretak og fleire arbeidsutval. Harmonisering av forvaltingsoppgåver som t.d startlån, HC-kort, vigsel, alkoholpolitisk plan, skyss, frå tre kommunar til felles system og arbeidsform.
6. Det har vore 133 lærlingar i læreløp i kommunen i løpet 2020. Læreløpet består av å rekruttera, fylgja opp og koordinera læringane. Vi auka lærlingeopptaket med 20 lærlingar hausten 2020 (KS-vedtak om Lokal tiltakspakke under for næringslivet (Covid-19)). 35 av 133 lærlingar er «vaksne» lærlingar over 21 år. På denne måten har kommunen sikra fleire unge mogleigheta til å få seg eit fagbrev, og koma seg ut i arbeidslivet.
7. Kommunen har etablert og bygd eit felles postmottak – Arkiv- og dokumentsentrum på Rong. Føremålet er å fylgja prinsippet «ei dør inn» til kommunen, der ein tek i mot, skanner og registrerer alle fysiske dokument for å sikra at dei blir teke i vare iht gjeldande lov og avtaleverk. Målet til kommunen er å standardisera og automatisera dokumentflyt og arbeidsprosessar gjennom digitale verktøy og gode integrasjonar. Døme på dette er KS SvarUt/Inn som er ein felles løysning som kommunen nyttar til å formidle digital post frå/til kommunale saksarkiv, fagsystem og innbyggjarar/næringsliv. 224 000 dokument er oppretta og tilgjengeleggjort i nytt dokument og arkiv system i 2020.
8. Stabsavdelinga Tryggleik har vært deltakande part i kommunal kriselening (KKL) i Covid-19-pandemien. Tryggleik har fasilitert kriseleninga i handteringen av denne krisa og, har på vegne av ordførar etablert kommunen sitt nye beredskapsråd. Dialog opp mot personvernombodet i Bergen og rådgjeve organisasjonen og handtert totalt 109 rapporterte avvik på personvernområde (GDPR) og bistått i 13 meldepliktige GDPR brot til Datatilsynet. Alle avvika vart lukka i 2020 utan at kommunen fekk pålegg. Det har blitt etablert nye verneområde, verneombod og det er gjennomført opplæring i 40t HMS kurs, samt ein har delteke i AMU som rådgjevar. Det har blitt utarbeida utkast til HMS-prosedyrar, rutinar og styrande dokument for heile organisasjonen. Tryggleik har rådgjeve leiarar og tilsette i HMS spørsmål, særskilt knytt opp mot risikoanalyse, arbeidsmiljø og tryggleik. Kommuneadvokatkontoret har hatt eit hektisk år med 18 sakar handsama i domstoler, fylkesnemnd og andre konfliktløysande organ.
9. Stabsavdelinga Utvikling har etablert oversikt over prosjekt, arbeidsprosessar, digitaliseringsbehov, kurs, dokument, rutinar, etc, gjennom bruk av systematiske digitale

verktøy og prosessar. Ei slik samling av «stordata» er viktig å analysere for å kunne prioritere, effektivisere, automatisere og forenkle verksemda, slik at tilsette og innbyggjarar får ein betre samhandling og arbeidskvardag. Utvikling har i tillegg bistått med prosjektleiing og fasilitering i dei større prosjekta i organisasjonen, og rådgjeve leiarar og tilsette, særskilt knytt opp mot digitalisering, prosjektleiing, samskaping og opplæring.

10. Kommunalsjefsområdet har satsa på systematisk tilrettelegging for kompetanseheving av tilsette gjennom tilrettelegging av kurs, opplæring og e-læring. Mange nye digitale verktøy, praksisar, prosessar og metodikkar krev systematisk og strategisk tilrettelegging for kursing/opplæring – både fysisk og digitalt. Spesifikke kompetansar og metodikkar som er etablert: Prosjektleiing, verksemderarkitektur, GDPR, KS-læring, relasjonell kapasitet, innolab, tenestedesign, m.m.
11. Kommunen har etablert nye eksterne partnerskap, samarbeidsrelasjonar og nettverk, for å sikre innovasjon, kompetanseheving, samskaping og deling av ressursar. Det har vore særskilt fokus på å etablera samarbeid med Forskings- og utdanningsinstitusjonar (FoU), leverandørar av ulike system, lokalt næringsliv, og å delta aktivt i regionale nettverk som t.d. opp mot DigiVestland.

Arbeidsmiljømessige konsekvensar av Covid-19

Det har vore eit krevjande år for tilsette då dei har mått handtere ei pandemikrise i kombinasjon med det krevjande arbeidet med kommunenesamanslåinga. Dei to fyrste månadane brukte ein tida på å etablert einingane og få på plass leiarressursar, flytta tilsette til rett lokasjon, samstundes som ingen kunne sleppa dei gamle arbeidsoppgåvene før dei vart overlevert til nokon annan. Utfordringa var at ein ikkje hadde fått etablert eit nytt arbeidsmiljø, møtt sine kollegaer/leiar eller fått opplæring i nye system og tildelt arbeidsoppgåver før ein vart sendt på heimekontor. Heimekontor ved korona har påverka det psykososiale arbeidsmiljøet og arbeidskvardagen til dei tilsette. Det er mykje positivt med ei slik ordning slik som auka fleksibilitet og autonomi og sjølvstyre, betre balanse mellom arbeid og privatliv, reisetid og mindre avbrot for dei som har vaksne born. Vi ser samstundes at det er noko negativt med ei slik ordning då ein får utydelege grenser mellom arbeid og privatliv, arbeidstid og overarbeid, nærværpress, sosial og profesjonell isolasjon, svekka sosial og instrumentell støtte frå leiar og kollegaer osv.

Stabsavdeling Tryggleik var sterkt prega i 2020 av covid19 pandemien med mykje arbeid med krisehandteringen langt utover normal arbeidstid. Stabseining Drift fekk også ei ekstra oppgåve med å leggja til rette for ei teknisk og god heimekontorløysing, utrulling av berbare PC/utstyr, etablering og utrulling av Microsoft teams noko som førte til ei høg arbeidsbelastning i oppstartsfasa av pandemien.

Status økonomi



Beløp i 1000

Ansvar	Rev. bud.	Regnskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2020	2020			
2200-Kommunalsjef organisasjon og digitalisering	5 711	8 565	-2 855	-50,0 %	
2210-Drift	59 428	66 841	-7 412	-12,5 %	
2220-Utvikling	17 520	12 506	5 014	28,6 %	
2230-Service	248 647	237 149	11 497	4,6 %	
2240-Tryggleik	13 002	10 786	2 216	17,0 %	
2290-HTV, HVO & lærling	13 204	14 167	-963	-7,3 %	
Sum	357 511	350 014	7 497	2,1 %	

Kommentar til status økonomi

1. Kommunalsjefsområdet Organisasjon og digitalisering har eit positivt avvik iif budsjett på (7,5 MNOK) samla.
2. Kommunalsjef Organisasjon og digitalisering har eit meirforbruk iif budsjett i lønskostnader (1,7 MNOK) til HTV/HVO og eit meirforbruk (1,1 MNOK) grunna for lite budsjettet pensjonskostnader.
3. Stabsavdeling DRIFT har eit meirforbruk iif budsjett på datalisensar (4 MNOK) og it-anlegg og programvare (2 MNOK). Personalbudsjettet har eit meirforbruk på 3 000 overtidstimar utanfor budsjett (1 MNOK).
4. Stabsavdeling Utvikling har eit positivt avvik i driftsresultat (5 MNOK) grunna pandemi og difor mindre aktivitet knytt til fasilitering for prosessar og prosjekt. Blant anna har det ikkje blitt etablert eit fysisk senter for berekraftig utvikling/Innolab grunna mangel på tilgang på lokale. Positivt avvik knytt til personalbudsjettet (4,5 MNOK) grunna innførte innsparingstiltak gjennom å trekka inn eller halde stillingar vakante, tilsette har slutta, vore i permisjon og knytt til av refusjon langtids sjukmelde.
5. Stabsavdeling Tryggleik har eit positivt resultat (2,2 MNOK) grunna vakante stillingar, fødselspermisjon, sjukefråvær. I tillegg vart det eit mindreforbruk på konsulenttenester som mellom anna bedriftshelsetenesta, noko som kan være ein konsekvens av at eininga har handtert ein del oppgåver som kommunen tradisjonelt har hyret inn bedriftshelseteneste til å handtere.
6. Stabsavdeling Service har eit positivt avvik i driftsresultat (11,5 MNOK) i 2020. På lønsbudsjettet er det positivt avvik på løn i faste stillingar (2,5 MNOK). Dette skuldast innførte innsparingstiltak etter rekneskapen 1. tertial, gjennom å halde stillingar vakante eller trekkje dei inn når personar sluttar. I tillegg har avdelinga hatt personar som har gått av med AFP, hatt permisjon og vore sjukemeldte. Mindreforbruk på konto for velferdstiltak og påskjønning (0,65 MNOK) og konto for kontingenter og lisensar på (1,6 MNOK). Reduksjonen kan forklarast med samanslåing av tre kommunar til ein.
7. På barnehageområdet har kommunen eit overskot for kjøp av tenester frå private barnehagar (drifts- og kapitaltilskot, betaling til andre kommunar, overføring knytt til redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon). I 2020 var det færre barn frå Øygarden kommune som hadde barnehageplass i andre kommunar enn det som var budsjettet for. Dette gav eit positivt avvik (16 MNOK). Det har vore krevjande å budsjettera grunna faktorar vi ikkje rår over. Det største negative avviket (- 3,1 MNOK) er reduksjon av refusjon frå andre kommunar.
8. Utgifter til lærlingordninga har eit meirforbruk (-1,0 MNOK) grunna manglande budsjett til pensjonskostnader.

Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe	Landet 10	uten Oslo
Prioritet									
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B)	5 016	5 151	3 064	3 426	3 350	3 407		3 700	4 320
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	594	661	206	608	681	126		486	504

Helse og velferd

Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Helse og velferd består av heimetenester, sjukeheimar og omsorgsbustader med heildøgns omsorg, tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, rus og psykisk helse, legetenester og legevakt, lokalmedisinsk senter, flyktningetenester, NAV og helse, meistring og rehabilitering.

Status og viktige hendingar

Innleiing:

2020 har vært eit krevjande år for Helse og velferd i samband med både kommunesamanslåing og utbrot av Covid-19. Mange planlagte aktivitetar innan Helse og velferd er utsett grunna allokering av alle ressursar knytt til dagleg drift og nye tiltak som måtte etablerast i samband med epidemien. Det kan nemnast at leiarsamlingar for å bygge felles kultur, felles mål og sikre involvering i prosessar knytt til mellom anna økonomisk styring og felles fagleg utfordringsbilete i mindre grad har latt seg gjennomføre som planlagt. Digitale møte har til ein viss grad bøta på dette og har vært eit godt reiskap for å sikre tverrfagleg innsats i det daglege arbeidet.

Til tross for ein krevjande situasjon har kommunalsjefsområdet mobilisert ressursar for å søkje om eksterne midlar til tenesteutvikling innan fleire området med positive tilslagn.

Alle tilsette har gjort ei formidabel innsats gjennom året, og leiarane har vist stor innsats og engasjement for at tenestene til innbyggjarane i størst mogleg grad skulle oppretthaldast til tross for store utfordringar knytt til ressurssituasjonen innan kommunalsjefområdet.

- Institusjonar og omsorgsbustader:

Øygarden kommune har samanlikna med andre kommunar hatt lite smitte ved institusjonar og omsorgsbustader tilrettelagt for heildøgns omsorg. Ingen pasientar ved institusjonane vart smitta i 2020, men det vart påvist positiv test for Covid 19 hjå nokre medarbeidarar. Våren 2020 vart det etablert eige Koronaavdeling ved Øygarden lokalmedisinske senter som vart nytta til innbyggjarar som hadde testa positivt og ikkje kunne få forsvarleg behandling heime. Avdelinga vart avvikla etter nokre månader då tilfanget av pasientar ikkje kunne forsvarast verken økonomisk eller bruk av fagpersonar. Det vart i denne samanheng inngått avtale med Bergen kommune om kjøp av 2 plassar ved Koronaavdelinga som Bergen hadde etablert som ei erstatning for eige avdeling i Øygarden.

2020 har også vist at tal institusjonplassar i kommunen er for lågt i høve behovet, noko som mellom anna har resultert i betaling til sjukehus for utskrivingsklare pasientar og redusert tilbod om avlasting til heimebuande pasientar.

Besøksrestiksjonar av varierande grad gjennom året har vært krevjande både for pasientar, pårørande og personell, men det er gjort ein formidabel innsats for å oppretthalde gode tenester og eit godt innhald av aktivitet i kvardagen.

- Rus og psykisk helse:

Tenestene til sårbare grupper har i all hovudsak vore oppretthalden, med verkemiddel som video, telefon, uteaktivitet/samtaler ut i natur. I to korte periodar har det vore naudsynt med stenging av MO senter og psykiatrisk dagsenter, er elles gjennomført til ein kvar tid etter gjeldande smittevernregler.

Det vart innvilga midlar frå Statsforvaltaren til å gjennomføre ulike aktivitetstiltak som td gratis mat/utlevering av mat/musikkterapeut og anna. Tenestene har i tillegg fått styrka aktivitetstilbodet og fått tilført ny kompetanse gjennom erfaringskonsulentar som det er søkt og fått innvilga prosjektmidlar til.

Rask psykisk helsehjelp har gjennomført alle sine kurs/ og individualbehandling på nett. Pandemien har ikkje ført til nedgang på kursdeltakarar, og fleire deltagarar enn vanleg har gjennomført heile kurset når dei har delteke på nett. Unge som eldre.

3 IPS stillingar er tilført rus og psykisk helse og ein jobbar no tett saman med oppfølgingstenestene for å få denne brukargruppa tidlegare ut i arbeid, samt prosjektstillingar som arbeiar førebyggande med utsett ungdom frå 12- 18 år.

Kommunen deltek i Stimulab prosjekt med Øyane DPS, Askøy og Nav. Målet her er å utvikle modeller for samarbeid til beste for pasientane.

Arbeidet i prosjektet #aldri alene som handlar om førebygging av sjølvmort har vore jobba med gjennom året

- Heimetenester:

Heimetenestene har gjennom 2020 sett ei utvikling knytt fleire brukarar og meir ressurskrevjande brukarar. Covid 19 har også gjort arbeidet ekstra utfordrande med mange ulike smittetiltak og personell i karantene. Einingane har meldt om tidvis utfordringar knytt til å utføre alle lovpålagde tenester. Samstundes har det vært arbeidd godt med å innføre nye system, mellom anna «Spider» som er eit verty for automatisering av digitale køyreruter. Soneinndeling og arbeidsflyt vil bli arbeidd vidare med i åra som kjem.

- NAV og Flyktningtenesta:

I starten av 2020 vart det mykje arbeidd knytt til å avvikle NAV kontora i tidlegare Sund og Øygarden kommune og etablere det nye NAV kontoret i kommunen. Digisos blei i innført ved utgangen av mars 2020. Dette er ei løysning som gjer det mogleg å søkje om økonomisk stønad digitalt. Arbeidspresset i NAV har ikkje vore relatert til søknader om dagpenger – dette arbeidet ligger til NAV Arbeid og Ytelser. Pandemien medførte ein kraftig auke i talet på ledige i mars 2020 og talet har holdt seg høgt gjennom heile året. NAV har hatt eit stort arbeidspress knytt til oppfølging av dei ledige.

Flyktningtenesta vart bedt om å ta imot 28 nye flyktningar i 2020 – av desse kom det berre 17 personar som no er busett i Øygarden kommune. Også Flyktningtenesta innførte våren 2020 eit nytt datasystem knytt til introduksjonsordninga. Tenestene er i stor grad opprettholdt, men då i stor grad via andre kanalar enn fysiske møter.

- Menneske med nedsett funksjonsevne:

Tenestene for denne sårbare gruppa har i stor grad vert oppretthalden, men i perioder med andre tiltak og verkemeddel. Når dag/arbeidstilbod vart stengt ned/redusert og andre tilbod sett på vent vart tenestene i størst mogleg grad ivaretatt på andre måter og i brukaren sin heim. Det er gjennom året meldt om stort behov for nye bustader for denne brukargruppa. I desember 2020 vart det semje om å redusere frå tre til to einingsleiarar innan tenesteområdet, det er no felles leiing av sone sør og nord, noko som medførte omorganisering også innan avlastingstenestene.

- Helse, meistring og rehabilitering

Eininga har i ny kommune opprettholdt tenester i alle delar av kommunen. I løpeta av pandemien har ein del tilbod tidvis sett på opphald, som til dømes kurs og aktivitetar i regi av Frisklivs- og meinstringssenteret. Det har likevel vært kontinuerleg fokus på at behandlingstilbod i størst grad skulle oppretthaldast for særsikte utsette grupper.

- Legeteneste og legevakt:

I 2020 har denne eininga hatt ein formidabel oppgåve knytt til Covid 19. Legevaka klarte tidleg ikkje å ta imot både ordinære henvendingar og spørsmål knytt til Korona. Det vart difor etablert eige Koronatelefon tidleg på året, slik at innbyggjarar kunne ringe inn for å rådføre seg. Det vart etablert teststasjon ved Sotra arena og eige smittesporingsteam. Kommuneoverlege og smittevernlege har hatt det faglege ansvaret for arbeidet, i tillegg til faglege avklaringar for KKL – kommunal kriseleiing, vurdering av tiltak og rådgjeving knytt til tenestene, utarbeiding av rutinar, innkjøp av smittevernutstyr m.v. Eininga har i sin heilskap vært sjølve navet i arbeidet kring pandemien.

Våren 2020 vart legevaka styrka med tre årsverk etter lenge å ha meldt om auka behov for personell for å kunne leve forsvarlege tenester.

Arbeidsmiljømessige konsekvenser i 2020

Helse og velferd har i tillegg til vanleg drift opplevd eit krevjande år innan alle tenesteområde knytt til Covid 19. Einingane hadde i utgangspunktet eit stramt budsjett å forholda seg til i 2020, og i tillegg kom det krav om stillingsstopp og redusert inntak av vikarar gjennom hausten. Særskilt er det institusjonstenester og heimebaserte tenester som har merka stor meirbelasting på personell, grunna at det i perioder har vært mange tilsette som har vært i karantene. Belastingen på øvreg personell har vært stor med mykje overtid og behov for vikarar, noko som igjen fører til auka belasting for faste tilsette. Men alle har bidratt med stor fleksibilitet, engasjement og samvitsfull arbeidsinnsats til det beste for innbyggjarar og kvarandre! Ut over fråvær knytt til Korona er det vanskeleg å samanlikna sjukefråvær då vi er første år i ny kommune. Men at det har vært slitasje over tid på mange tilsette må vi berre erkjenne og det vert eit viktig arbeid framover med å finne tiltak som kan redusera belasting vidare over tid.

Harmonisering

I samband med budsjett for 2020 peika kommunalsjef for Helse og velferd på særsikte område for harmonisering. Desse områda var merkantile tenester, kjøkkenstenester og dagtilbod. Innan merkantile tenester og kjøkkenstenester vart det etablert prosjektgrupper med involvering av leiing og tilsette, saman med HTV for å vurdere potenselle område for harmonisering. Dette er i stor grad gjennomført, med gevinstrealisering av 1,4 årsverk. Det er ikkje starta harmonisering innan dagtilbod. Det er også gjennomført kartlegging og analysering av tildeling av tenester i dei tre tidlegare kommunane med mål om felles kriterie for tildeling i ny kommune. Dette arbeidet er pågående på mange område. Det har

vært store skilnader mellom dei tre tidlegare kommunene og det vert vurdert at harmoniseringsarbeidet på mange område må skje over tid.

Det er også starta eit harmoniseringsarbeidd mellom institusjonar og liknande buformar i kommunen. Det vert i dette arbeidet vurdert kva tenester/opphold dei ulike institusjonene skal tilby, til dømes om nokre institusjonar berre skal ha langtidsopphold, og ikkje opphold av mellombels karakter. Rus og psykisk helse er også godt i gang med harmonisering av tenestene, men prosessen er noko forsinka grunna Covid 19.

Det er sett i gang fleire prosjekt på tvers av kommunalsjefsområda, særskilt mellom Oppvekst og Helse og velferd. Målet er å møta sårbare barn og unge på ein heilsakeleg måte og med ny metodikk og samskaping oppnå betre tenester i lag og ikkje kvar for seg.

Status økonomi

Beløp i 1000



Ansvar	Rev. bud.	Regnskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2020	2020			
3000-Kommunalsjef helse og velferd	38 004	44 387	-6 384	-16,8 %	!
3110-Heimetenesta sone sør	25 006	28 270	-3 264	-13,1 %	!
3120-Heimetenesta sone nord	32 946	38 761	-5 815	-17,7 %	!
3130-Heimetenesta sone Straume	28 501	32 104	-3 604	-12,6 %	!
3210-Teneste til menneske med utviklingshemming sone sør	30 222	32 656	-2 434	-8,1 %	!
3220-Teneste til menneske med utviklingshemming sone nord	15 603	19 979	-4 376	-28,0 %	!
3230-Teneste til menneske med utviklingshemming sone Straume	44 897	42 417	2 480	5,5 %	✓
3310-Rus og psykisk helse sone sør	11 101	11 734	-633	-5,7 %	!
3320-Rus og psykisk helse sone nord	12 974	13 657	-684	-5,3 %	!
3330-Rus og psykisk helse sone Straume	39 341	36 574	2 768	7,0 %	✓
3410-Flyktningtenesta	19 939	14 534	5 405	27,1 %	✓
3510-NAV	71 692	75 043	-3 350	-4,7 %	!
3610-Fjell sjukeheim	39 337	40 791	-1 454	-3,7 %	!
3620-Tednebakkane omsorgssenter ink dagsenter og omsorgsbustad	47 089	47 407	-318	-0,7 %	-
3630-Sundheimen ink dagsenter og omsorgsbustad	35 400	36 702	-1 302	-3,7 %	!
3640-Kvednatunet ink dagsenter	44 148	44 943	-795	-1,8 %	-
3650-Straume bu- og servicesenter ink dagsenter og omsorgsbustad	31 226	29 647	1 578	5,1 %	✓
3710-Lokalmedisinsk senter – aksjonssenter	31 743	33 869	-2 126	-6,7 %	!
3720-Legetenesta ink legevakt og kommunelege	80 560	94 166	-13 605	-16,9 %	!
3730-Helse- meistring og rehabilitering	25 775	20 508	5 268	20,4 %	✓
Sum	705 503	738 148	-32 645	-4,6 %	!

Kommentar til status økonomi

- Husleigeinntekter er feilbudsjettert med om lag kr 9 mill
- Ressurskrevjande tenester redusert refusjon kr 12,8 mill (endring i tal brukarar, endring i buform, endring i timer, innslagspkt/red PU og modell)
- Refusjon frå andre kommunar reduksjon inntekt kr 2 mill (feilbudsjettert i budsjettprosessen)
- Meirforbruk NAV kr 3,3 mill knytt til økonomisk sosialhjelp

- Utskrivingsklare pasientar på sjukehus med om lag kr 2,5 mill (kr 1,2 vart tilført i revidert budsjett – kr 1,3 mill i avvik)
- Underrapportering av utgifter knytt til Covid-19

Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Aver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet								
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B)	733	595	866	48	1 124	675	446	557
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over (B)	509 756	468 884	461 009	553 333	490 514	462 385	440 635	434 000
Produktivitet								
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	47 213	51 855	54 179	44 625	44 113	46 334	52 859	50 871
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 590 379	1 565 994	1 366 859	1 419 440	1 422 633	1 400 641	1 389 915	1 300 731

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Aver Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Dekningsgrad							
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B)	9,4 %	9,5 %	11,8 %	9,7 %	13,9 %	10,8 %	10,8 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	55,4 %	51,4 %	44,9 %	42,6 %	45,7 %	52,5 %	44,0 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år (B)	5,0 %	4,3 %	3,2 %	3,1 %	4,3 %	3,2 %	4,2 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)		6,8	6,0	5,8	6,0	5,8	6,5
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	5,2	5,8	5,5	8,8	7,5	5,4	7,6
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	8,6	9,1	7,3	8,8	8,7	7,0	8,3
Økonomi							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Kommunehelse	4 091	4 135	3 230	3 706	2 955	2 587	3 059
							3 199

Oppvekst

Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Oppvekst består av barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, BUFT (barn, unge og familienester), PPT (pedagogisk psykologisk teneste) og barnevern. Kommunen har 17 kommunale barnehagar, 18 private barnehagar, 17 kommunale barneskular og 4 ungdomsskular, samt Gangstøressurssenter som også er ein ungdomsskule. Det er ein privat barne- og ungdomskule i kommunen.

Status og viktige hendingar

1. Sammenslåing av kultur, rutiner og aml. for dei «berørte» einingane BV, BUFT, PPT og Vaksenopplæringa. Nye rutiner og verksemdsstyring for alle.
2. Fagfornyinga i skule og digitaliseringa som brått måtte skje.
3. Endringar av delar av den spesialpedagogiske organiseringa i barnehage. Støtteassistentar vart tilsette ute i einingar og ikkje sentralt.
4. Vaksenopplæringa vart samlokalisert i nye lokaler. Det vart starta prosess med samslåing av Leirstaden og Tussetjødna barnehage.
5. Betre tverrfagleg Innsats (BTI) er arbeidd med for å få implemetere i Oppvekst og Helse og veferd. Det skal sikre betre kvalitet og koordinering for barn og familiar med behov for fleire velferdstenester.

Arbeidsmiljømessige konsekvensar av Covid-19:

Digital trening og utforsking av nye arbeidsformer. Meir korttidsfråvær på grunn av lav terskel for karantene. Stress knytt til stadige endringar. Stress knytt til engstelse for eiga helse og det å kunne smitte andre.

Svært krevjande for leirrarar fordi det var kort tid frå nye instruksjonar til forventa levering.

Krevjande å få nok vikarar i barnehagar og innan barn unge og familietenestene. Skulane har også hatt problemer i nokre av periodane med smitteutbrot.

Det har for nokre vore meir ro i tenestene på grunn av mindre barnegrupper (kohortar).

Harmonisering

Tildeling av ressursar for alle skulane er no gjort etter same mal for alle skular. Dette skjedde samstunes med større nedtrekk. Det er bemanningsnormer i skule og barnehage som gjer at ein har avgrensa høve til å ta ned bemanning.

Vedtekter for SFO er harmonisert.

Opptak for barnehagane er gjort samla og likt, vedtekter for barnehagane er harmonisert.
Ein del retningslinjer og rutiner er harmonisert.

Mykje sakshandssaming og arbeidsprosessar i Oppvekstfeltet er harmonisert.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rev. bud.	Regnskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2020	2020			
4000-Kommunalsjef oppvekst	6 001	28 501	-22 500	-375,0 %	
4110-Bildøy barnehage	8 083	7 497	586	7,2 %	
4111-Bjørøy barnehage	8 550	8 131	418	4,9 %	
4112-Breivik barnehage	-1	-1	0	-29,1 %	
4113-Glesnes barnehage	6 768	6 793	-25	-0,4 %	
4114-Hamramyra barnehage	14 046	12 539	1 507	10,7 %	
4115-Knappskog barnehage	11 872	10 833	1 039	8,8 %	
4116-Klokkarvik barnehage	12 912	12 339	573	4,4 %	
4117-Leirstaden barnehage	10 982	10 965	17	0,2 %	
4118-Marihøna barnehage	8 389	7 732	657	7,8 %	
4119-Skogsvåg barnehage	12 937	12 444	493	3,8 %	
4120-Stranda barnehage	13 007	13 146	-138	-1,1 %	
4121-Straume barnehage	5 897	5 673	224	3,8 %	
4122-Svingen barnehage	0	9	-9	0,0 %	
4123-Telavåg barnehage	5 219	5 534	-315	-6,0 %	
4124-Terna barnehage	15 383	13 800	1 583	10,3 %	
4125-Tjeldstø barnehage	0	0	0	0,0 %	
4126-Tussetjødna barnehage	8 645	7 716	929	10,8 %	

Beløp i 1000

Ansvar	Rev. bud.	Regnskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2020	2020			
4127-Ulveseth barnehage	5 539	5 028	511	9,2 %	✓
4128-Ågotnes barnehage	9 092	9 698	-606	-6,7 %	!
4129-Liljevatnet barnehage	14 239	14 084	155	1,1 %	✓
4210-Bjørøy skule	12 022	11 766	256	2,1 %	✓
4211-Blomvåg skule	9 984	10 173	-189	-1,9 %	—
4212-Brattholmen skule	24 939	26 735	-1 796	-7,2 %	!
4213-Foldnes skule	24 292	24 135	157	0,6 %	✓
4214-Hjelteryggen skule	27 960	26 336	1 624	5,8 %	✓
4215-Knappskog skule	22 388	21 874	515	2,3 %	✓
4216-Kolltveit skule	24 904	26 911	-2 008	-8,1 %	!
4217-Landro skule	23 448	23 097	351	1,5 %	✓
4218-Rong skule	13 566	13 651	-85	-0,6 %	—
4219-Skogsvåg skule	26 044	25 732	311	1,2 %	✓
4220-Skålevik skule	12 924	12 258	666	5,2 %	✓
4221-Spildepollen skule	19 566	18 688	878	4,5 %	✓
4222-Stranda skule	33 208	33 242	-34	-0,1 %	—
4223-Tjeldstø skule	11 877	11 424	453	3,8 %	✓
4224-Toftøy skule	15 688	16 697	-1 009	-6,4 %	!
4225-Ulveset skule	21 011	20 024	986	4,7 %	✓
4226-Ågotnes skule	25 979	28 864	-2 885	-11,1 %	!
4310-Fjell ungdomsskule	48 202	47 924	278	0,6 %	✓
4311-Sund ungdomsskule	32 381	30 349	2 032	6,3 %	✓
4312-Tranevågen ungdomsskule	43 897	46 878	-2 981	-6,8 %	!
4313-Øygarden ungdomsskule	22 809	23 548	-739	-3,2 %	!
4320-Gangstø ressurssenter	11 652	11 782	-130	-1,1 %	—
4330-Vaksenopplæringa	8 052	7 475	577	7,2 %	✓
4410-Barn, unge og familietenester (BUFT)	33 418	32 046	1 373	4,1 %	✓
4411-PPT	33 602	30 369	3 233	9,6 %	✓
4412-Barnevern	95 259	107 088	-11 829	-12,4 %	!
Sum	856 633	881 527	-24 893	-2,9 %	!

Kommentar til status økonomi


1. Som prognostisert etter første halvår: 20 mil i underskudd. I tillegg påkom det 5 milionar i meirforbruk hjå Barenvernet knytt til plassering av barn i ikkje- statlege tiltak.
2. Det store avviket på Kommunalsjef skuldast feil i inntekt på 10 millionar og innsparingstiltak som ikkje er oppnådd og ikkje fordelt ut på einingane.
3. Skulefeltet har hatt negativt avvik. Dette skuldast mellom anna at budsjettet for 2020 og den reelle aktiviteten i skuleåret 2019/ 2020 ikkje var i samsvar. Våren 2020 var det mellom anna mykje aktivitet knytt til barn med særskilte behov som ikkje var budsjettert. For skuleåret 2020/21 vart ressurstildelinga harmonisert, men utan at oppnådde full effekt av

innsparingstiltaka.


4. Barnehagane har eit positiv avvik. Ein del av meirforbruket på oppvekstsjefen skuldast ikkje-fordele kostnader på det spesialpedagogiske området. Kommunen har også ansvar for å dekke kostnader som dei private barnehagane har for dei spesialpedagogiske tenestene. Utgifter til spesialpedagogisk hjelp har vore større enn budsjettet både i dei kommunale og dei private barnehagane og det aukar stadig.
5. SFO har hatt eit stort inntektstap knytt til at ein har måtte halde stengt. Inntektstapet i den perioden SFO var stengt er kompensert med statlege midlar. Frå mars månad og ut året har mange sagt opp plassane i SFO, truleg grunna heimekontor og permiteringar. Reduksjon i talet på plassar i SFO er om lag på 10%. Dette inntektstapet er ikkje kompensert, og det har skapt ein ubalanse i økonomien i SFO i 2020. Mannskapet har det ikkje vore råd å ta ned tilsvarende på grunn av krav til smittevern, kohorter og utvida rettar for barn av personell med roller i samfunnsberedskap og barne med særlege behov.
6. Barnevernet har eit negativt avvik på 12%. Dette skuldast meirutgifter knytt til plassering av barn i ikkje-statlege tiltak samt kostnadar knytt til utvida krav til ettervern opp til 23 år. Auka aktivitet (behov) er også ein del av forklaringa. Dette kan truleg gje eit frampeik også vidare etter koronaperioden. Det er fleire heimar som strevar no enn før.
7. PPT har postivt avvik. Det skuldast vakansar og rekrutteringsproblemer knytt til psykologar. Vi har i 2020 ikkje hatt høve til å lyse ut etter faste stillingar her, og kommunen vert då utkonkurrert av andre som kan tilby dette.

BUFT har positivt avvik. Her har ein hatt vakansar på grunn av store utfordringar knytt til å rekruttere helsesjukepleiarar og psykologar. Vi har i 2020 ikkje hatt høve til å lyse ut etter faste stillingar her, og kommunen vert då utkonkurrert av andre som kan tilby dette.

Detaljvisning drift (graf)



Driftsinntekter



KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øygarden	Øygarden	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe	Landet
	2019	2020					10	uten Oslo
Prioritet								
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (213)	540	481	295	438	622	439	517	571
Voksenopplæring								
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	9 753	8 857	11 205	9 571	12 353	9 804	11 080	11 544
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B)	9 628	10 382	10 095	11 570	10 338	8 576	10 628	10 392
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)	160 006,2	171 650,9	180 528,8	178 228,9	179 660,6	156 975,7	165 196,8	168 129,3
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)	96 142,4	95 886,7	87 226,2	99 101,5	87 455,5	87 450,2	91 044,6	93 107,3
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B)	5 467,3	7 238,1	5 116,7	6 384,4	7 353,7	2 532,0	5 338,2	6 175,4
Produktivitet								
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager (B)	5,7	5,6	5,9	5,5	5,4	5,8	5,7	5,6
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen (B)	1 536	1 112	1 486	1 586	972	1 632	1 172	1 326
Dekningsgrad								

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	87,9 %	92,5 %	94,7 %	93,5 %	95,6 %	93,7 %	93,2 %	92,9 %
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-22 år (B)	4,3 %	4,2 %	3,6 %	3,2 %	4,7 %	3,1 %	3,9 %	3,8 %
Andel barn med tiltak som er plassert (funksjon 252) ift. ant innbyggere 0-17 år (B)	1,4 %	1,5 %	1,5 %	1,6 %	1,6 %	1,4 %	1,6 %	1,6 %
Andel barn med tiltak som ikke er plassert (funksjon 251) ift. ant innbyggere 0-17 år (B)	4,0 %	3,8 %	2,9 %	2,5 %	4,5 %	2,6 %	3,5 %	3,3 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	8,9 %	9,6 %	7,9 %	9,9 %	7,0 %	6,7 %	7,9 %	7,8 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	62,5 %	58,1 %	49,2 %	45,1 %	58,5 %	48,4 %	54,9 %	54,7 %
Kvalitet								
Elevunders. 10. trinn - Trivsel		4,0	4,1	4,0	4,3	4,0		
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn		12,7	13,8	12,3	13,6	13,8	13,6	12,8
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing		48,0	49,0	48,0	49,0	49,0		
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning		49,0	49,0	50,0	49,0	49,0		

Kultur og samfunn

Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Kultur og samfunn har det overordna ansvaret for å sikre ei berekraftig samfunns- og tettstadsutvikling. Viktige verktøy i dette arbeidet er planstrategi og kommuneplan. Området legg og føringar for arbeid med areal- og transportplanlegging, stadutvikling, klima, miljø og folkehelse. Gjennom tilrettelegging for samarbeid med innbyggjarar, frivillig sektor, lags- og organisasjonsliv vert det opna for medansvar i samfunnsutviklinga. Tenestene skal medverke til aktivitet, samskaping og livslang læring. Området har også ansvar for bibliotek, kulturskule, frivillighet, kulturarv og det å støtte opp under eit variert kunst og kulturliv og ein inkluderande idrett.

I kommunalsjefområde Kultur og samfunn ligg følgjande 5 eininger:

- Plan, geodata og oppmåling
- Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning
- Eiendom, drift og vedlikehald
- Reinhald
- Kultur

Mange tenester og oppgåver har overlappande ansvar med andre eininger både innan kommunalsjefområdet og mot andre område. For å lukkast med å utvikle best moglege tenester, vil vi arbeide for å identifisere, koordinere og samordne desse oppgåvene.

Status og viktige hendingar

- Storstilt opning av den nye kommunen med mange flotte kulturarrangement
- Sotrasambandet; tre OPS-leverandørar leverte sine første tilbod desember 2020, og er med i finalerunden som vert avgjort sommaren 2021.
- Kommunen tok ansvar for ei spesiell 17.mai-feiring med god hjelp av brannvesenet
- Opning av Fjordparken på Rong
- Opning av Hjeltefjorden symjehall på Rong
- Opning av Rong skytehall
- Innbyggartorg etablert på biblioteka
- Ombygging av kommunedelsentra, m.a. for å gje plass til heimetenesta, IKT, postmottak og dokumentsenters.
- Oppstart av arbeidet med samfunnsdelen til ny kommuneplan.

Arbeidsmiljømessige konsekvensar av Covid-19

- Det har vore utfordrande å ivareta nytilsette når ein er på heimekontor.
- Fordi ein ikkje har vore samla fysisk, har det vore vanskeleg å bygge den nye organisasjonen, både når det gjeld kultur og praktisk organisering.
- Teams-møte gjev redusert deltaking, særleg når det er mange tilstades.
- Det har vore behov for større fleksibilitet i arbeidsdagen, noko som totalt sett har resultert i lengre arbeidsdagar, ofte med ukurante arbeidstider.

Harmonisering

Kommunen er ikkje komen så langt ein skulle ønskt når det gjeld harmonisering av forhold som var ulikt i dei tre tidlegare kommunane. Dette har dels skuldast pandemien, men også kompleksitet og saklege utfordringar i harmoniseringsarbeidet.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rev. bud.	Regnskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2020	2020			
5000-Kommunalsjef kultur og samfunn	2 511	4 201	-1 690	-67,3 %	
5110-Kultur	44 739	38 810	5 929	13,3 %	
5210-Plan, geodata og oppmåling	17 512	12 229	5 283	30,2 %	
5310-Byggesak	6 073	6 002	71	1,2 %	
5410-Eigedom- drift og vedlikehald	144 893	140 500	4 393	3,0 %	
5510-Reinhold	66 618	64 099	2 520	3,8 %	
Sum	282 346	265 841	16 505	5,8 %	

Kommentar til status økonomi

Kultur og samfunn, overordna

Avvik: - 1,7 mill (-67 %)

Hovudårsak: utgifter til juridisk bistand som ikkje er budsjettert.

Reinhold

Avvik: +2,5 mill (+4 %)

Hovudårsak: Mindreforbruk løn faste stillinger og ferievikar, til saman omlag kr 4,5 mill.

Eigedom, drift og vedlikehald

Avvik: + 4,4 mill (+3 %)

Hovudårsak: Mindreforbruk straumutgifter, lønsmidlar og utgifter til husleige.

Byggesak

Avvik: + 70 000 (+1 %)

Plan, geodata og byggesak

Avvik: + 5,3 mill (+ 30 %)



Hovudårsak: Lågare lønsutvifter grunna vakante stillinger, personar i permisjon. Låge utgifter til konsulent grunna manglande rammeavtalar for oppmåling og rådgjeving/ plan.

Kultur

Avvik: +5,9 mill (13 %)

Hovedårsak: Vakant stilling ved biblioteket og lågare aktivitet grunna korona. Avlyste arrangement: MOT-fest i vest, kultur- og idrettsgalla, frivillig-fest.

Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe	Landet 10 uten Oslo
--	------------------	------------------	-------	-------	-----------	--------	--------------	------------------------------

Prioritet

Brutto driftsutgifter til funksjon 121, Forvalningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. i (B)	86	193	268	319	56	144	223	357
--	----	-----	-----	-----	----	-----	-----	-----

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe	Landet 10	uten Oslo
Eiendomsforvaltning, kommune brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)		6 243	5 054	5 588		4 619	3 920	5 491	6 031
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (265) Kommunalt disponerte boliger	583	607	916	731		1 254	652	1 063	1 292
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (301) Plansaksbehandling	439	372	342	471		204	180	347	334
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (329) Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	79	71	23	175		2	54	82	120
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)	2 367	1 766	1 222	2 055		2 388	1 767	2 382	2 521
Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B)	336	285	176	323		310	263	277	289
Netto driftsutgifter per innbygger (375) muséer (B)	95	122	37	38		151	59	74	79
Netto driftsutgifter per innbygger (380) idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg (B)	181	53	13	216		77	299	224	247
Netto driftsutgifter per innbygger (381) kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (B)	394	522	320	389		619	262	645	602
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	1 895	1 563	1 584	2 733		1 781	2 426	2 095	2 618
Produktivitet									
Behandlete byggesøknader i alt (antall)	568	396	370	333		252	621	5 262	73 311
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	302 284	208 166	245 436	125 269		117 848	121 799	176 746	173 887
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	511	92	79	105		113	104	98	95
Herav utgifter til renholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	618	256	215	227		159	202	179	169

	Øygarden 2019	Øygarden 2020	Askøy	Alver	Haugesund	Karmøy	Kostragruppe	Landet 10	uten Oslo
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	21 837	28 013	21 844		21 058	19 194		20 578	20 908
<hr/>									
Dekningsgrad									
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år		0,9 %	2,8 %	1,2 %		2,1 %	0,8 %		1,9 % 3,0 %
<hr/>									
Kvalitet									
Besøk i folkebibliotek per innbygger		2,2	2,5	1,9		3,1	2,1		2,3 2,7
Besøk per kinoforestilling		11,9		25,1		17,9	16,2		16,2 15,8
<hr/>									
Økonomi									
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1 187	998	1 145	1 341		1 084	1 421		1 231 1 337
<hr/>									
Andre nøkkeltall									
Samlet energibruk i komm. institusjonslokaler, egne bygg, konsern, per beboer i institusjon	13 854	34 428	16 753			20 612	26 764		24 577
Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m ² , konsern	163	134	96			133	100		117
<hr/>									

Årsrekneskap 2020